







# Årsrapport 2023









## Årets ord

# KI-generert

Utviklinga av kunstig intelligens fekk mykje merksemd i 2023, og me har fått fleire nye samansette ord med forkortinga KI (av *kunstig intelligens*) som førsteledd. Adjektivet KI-generert er ei av dei mest bruka samansetningane, og det tyder noko slikt som 'laga med kunstig intelligens'. Bruken av ordet kjem truleg til å auka etter som kunstig intelligens gjer seg gjeldande på fleire område.

Medan dei næraste nordiske nabolanda våre har valt å halda på den engelske forkortinga AI (av *artificial intelligence*) som førsteledd i slike samansetningar, ser me at den norske varianten vinn terreng i Noreg. I 2023 var *KI-generert* meir bruka enn *AI-generert* i norske tekstar. *KI-generert* er dermed årets ord 2023.



# Innhald

|       |  |    |
|-------|--|----|
| Del 1 | Melding frå leiinga                                    | 6  |
|       | Ord frå leiinga  | 7  |
| Del 2 | Introduksjon til verksemda og hovudtal                 | 10 |
|       | Verksemda og samfunnsoppdraget                         | 11 |
|       | Organisasjonen   | 12 |
|       | Organisasjonskart                                      | 13 |
|       | Nokre hovudtal   | 14 |
| Del 3 | Aktivitetar og resultat i 2023                         | 18 |
|       | Utvalde høgdepunkt                                     | 19 |
|       | Språk er kunnskap, og kunnskap er språk                | 22 |
|       | <i>Strategisk satsing på kunnskapssektoren i 2023</i>  |    |
|       | Resultat i 2023  | 26 |
|       | Delmål 1   | 28 |
|       | Delmål 2   | 40 |
|       | Delmål 3   | 52 |
|       | Delmål 4   | 62 |
|       | Internasjonalt samarbeid                               | 72 |
|       | Kommunikasjon  | 74 |
|       | Innhaldsprodusent i teksttungt miljø                   | 78 |
|       | <i>Intervju med lærlingen i Språkrådet</i>             |    |
| Del 4 | Styring og kontroll i verksemda                        | 82 |
|       | Overordna vurdering av styring og kontroll             | 83 |
|       | Nærare omtale av forhold som gjeld styring og kontroll | 84 |
| Del 5 | Vurdering av framtidsutsikter                          | 92 |
|       | Framtidsutsikter                                       | 93 |
| Del 6 | Årsrekneskap 2023                                      | 96 |

Del 1 

 Melding  
frå leiinga

# Ord frå leiinga

Kva var statusen for norsk og dei andre språka som utgjer det norske språkmangfaldet, ved utgangen av 2023? Språkrådet ser at språka våre står overfor mange utfordringar, og at den samla oppfølginga av den sektor-overgripande språkpolitikken framleis er for svak.

Den norske språkpolitikken er forankra i ytringsfridomsparagrafen i Grunnlova. Her står det mellom anna: «Dei statlege styresmaktene skal leggja til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte». Språk er kultur, men språk er òg grunnleggjande infrastruktur for ytringar og for eit velfungerande samfunn med god og klar kommunikasjon. Språk er ein nøkkelingrediens i arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, i god integrering, i tryggleik på arbeidsplassane våre og i eit godt og effektivt helsevesen. Ikkje minst er språk ein nøkkelingrediens i skule og utdanning, og ein føresetnad for gode innbyggjarrettar og høg tillit til forvaltninga.

På tampen av 2023 kåra Språkrådet *KI-generert* til årets ord. Det var ikkje tilfeldig. Lanseringa av ChatGPT frå Open AI i november året før gjorde at kunstig

intelligens (KI) basert på store generative språkmodellar vart tilgjengeleg for folk flest. Den sterke auken i bruk av KI-generert tekst i heile samfunnet set måla i den norske språkpolitikken på nye prøvar. Bruk av KI-generert tekst utfordrar eigarskapen til dei norske skriftspråka og til det større norske språkmangfaldet. Teknologien gjer at det norske samfunnet må tenkja nytt om korleis me skal sikra norsk språk som ein felles reiskap for demokrati og deltaking, og korleis me skal få også dei små språka våre med inn i den høgteknologiske framtida.

For at språkpolitikken skal verka, må alle sektorar ta språklege omsyn i planlegginga av eigne tiltak og aktivitetar. I 2023 har Kunnskapsdepartementet vist veg gjennom solid arbeid med tiltak som skal styrkja norsk språk i den høgare utdanningssektoren.





## Språk er ein nøkkelingrediens i arbeid med samfunnstryggleik og beredskap, i god integrering, i tryggleik på arbeidsplassane våre og i eit godt og effektivt helsevesen.

Saman med Kultur- og likestillingsdepartementet lanserte Kunnskapsdepartementet ein handlingsplan for norsk fagspråk i academia. Planen inneheld 21 konkrete tiltak som skal stø opp om det langsiktige målet om norsk som samfunnsberande språk. Språkrådet har bidrege aktivt i arbeidet med handlingsplanen. Den systematiske innsatsen me gjennom det siste tiåret har lagt ned for å byggja opp ein solid kunnskapsbase om språk i academia og for å utvikla ein metodikk for parallellspråkspraksis, har dermed bore viktige frukter.

Som ein del av språksatsinga i den høgare utdanningssektoren vart det i 2023 også løyvd midlar til vidare utvikling av Termportalen ved Universitetet i Bergen, til utlysing av eit forskingssenter for norsk språk og til styrking av samisk språkteknologi og samisk leksikografi ved Universitetet i Tromsø – Noregs arktiske universitet. I tillegg er også sektoransvaret for språk synleg i regjeringas framlegg til ny universitets- og høgskulelov. Her blir det stilt krav om at institusjonane skal bruka, styrkja og utvikla norsk fagspråk, og om at undervisningsspråket ved norske universitet og høgskular primært skal vera norsk og samisk. Samla gjev denne satsinga ein modell for heilskapleg oppfølging av språkpolitikken som vil vera nyttig også for andre sektorområde.

I juni 2023 kom den internasjonale standarden for klarspråk (*ISO 24495-1 Plain Language – governing principles and guidelines*). Språkrådet har vore representert i ekspertgruppa som utforma standarden. Han er viktig for klarspråkarbeid over heile verda, òg i Noreg. Dette arbeidsfeltet er inne på eit godt spor, og Språkrådet har gjennom året vidareført samarbeidet om klarspråk med KS og Digitaliseringsdirektoratet. Gjennom ei rekkje nettseminar har klarspråksmetodikken nådd ut til tusenvis av offentleg tilsette over heile landet.

I september 2023 vart Termportalen ved Universitetet i Bergen lansert, og arbeidet med å byggja ut innhaldet i portalen har vore i god gjenge. Språkrådet har som nasjonalt samordningsorgan for terminologi i Noreg samarbeidd tett med UiB gjennom utviklingsprosessen. Fagspråk og terminologi er eit svært viktig utviklingslaboratorium for norsk språk. Språkrådet har derfor også i 2023 gjeve høg prioritet til arbeidet med å følgja opp relevante fagmiljø som kan bidra til å fylla portalen med relevant innhald.



Ved utgangen av 2023 har *språklova* verka i to år. I Språkrådets tilsynsarbeid ser me at altfor mange statsorgan framleis ikkje tek språkpliktene overfor innbyggjarane tilstrekkeleg på alvor. For å frigjera meir ressursar til rettleiing og oppfølging av statsorgana på dette området har Språkrådet i 2023 arbeidd med å leggja om og modernisera tilsynsdelen av verksemda, slik at innsatsen vår blir meir risikobasert. I tillegg vil dei komande forskriftene til språklova bli eit viktig verktøy når Språkrådet skal rettleia statlege verksemder om kva plikter dei har.

I 2023 kom både *Tegnspråk for livet* (NOU 2023: 20) og den endelege rapporten frå sannings- og forsoningskommisjonen, som har granska fornorskingspolitikken overfor samar, kvenar/norskfinnar og skogfinnar. Begge er viktige kunnskapsdokument som vil vera svært verdfulle i Språkrådets arbeid med minoritets- og mindretalsspråka i Noreg i åra som kjem.

Foto av Wetås: Moment Studio  
Foto av Vad Nilsen: Den norske kirke



Ingrid Vad Nilsen  
styreleiar



Åse Wetås  
direktør

# Del 2



## Introduksjon til verksemda og hovudtal



# Verksemda og samfunnsoppdraget

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet. Språkrådet har eige styre.

## Fullmakter og ansvarsområde

Språkrådet følgjer opp språkpolitiske mål og strategiar som er fastsette av regjeringa og Stortinget. Vedtektene seier at Språkrådet kan uttala seg og gje råd etter eige skjønn om kva tiltak som best tener dei vedtekne språkpolitiske måla.

Språkrådet har ansvar for å ta språkpolitiske initiativ overfor relevante styresmakter og skal uttala seg om spørsmål som andre statlege organ eller verksemdar legg fram for rådet.

Språkrådet representerer Noreg i nordisk og internasjonalt språksamarbeid.

Språkrådet har fullmakt til å gjera bindande normeringsvedtak for bokmål og nynorsk i enkeltsaker. Vedtak om gjennomgripande endringar eller systemendringar skal leggjast fram for Kultur- og likestillingsdepartementet til godkjenning.

Etter opplæringslova godkjenner Språkrådet ordlister og ordbøker til skulebruk.

Språkrådet fører tilsyn med bruken av nynorsk og bokmål i sentrale statsorgan.

Språkrådet administrerer norsk og kvensk stadnamnteneste og forvaltar ei tilskotsordning for innsamling og registrering av stadnamn. Språkrådet har òg ansvar for den administrative forvaltninga av tilskot til språktiltak og språkorganisasjonar.


## Overordna mål

Det overordna målet for den norske språkpolitikken er å styrkja norsk som fullverdig språk og sikra både det norskspråklege og det fleirspråklege mangfaldet.

Tildelingsbrevet for 2023 fastsette hovudmålet for Språkrådet til gjennom målretta aktivitetar å fremja statusen til norsk språk og bruken av norsk på utsette samfunnsområde. Tildelingsbrevet sette opp fire delmål for arbeidet i Språkrådet:

1. Norsk skal vera eit fullverdig språk og skal brukast på alle samfunnsområde.
2. Innbyggjarane i Noreg skal ha høve til å møta og bruka eige/eigne språk, anten det er nynorsk, bokmål, samiske språk, norsk teiknspråk, kvensk, romani eller romanes, til det beste for den enkelte og samfunnet.
3. Språkpolitikken skal følgjast opp som eit sektorovergripande politikkområde.
4. Det skal vera god systematikk i forvaltning og tilsyn med lovverket på språkfeltet.

# Organisasjonen



## Leiing

Styret har det øvste ansvaret for verksemda i Språkrådet. Styret er oppnemnt av Kultur- og likestillingsdepartementet for perioden 2024–2027. Ingrid Vad Nilsen er styreleiar. Styremedlemmer er Erik Bolstad (nестleiar), Sjur Nørstebø Moshagen, Heidi-Iren Wedlog Olsen og Marianne Aasgaard (tilsettrepresentant). Vararepresentantar er Toril Opsahl, Svein Arne Orvik og Ann Helen Langaker (tilsettrepresentant).

Direktør Åse Wetås har ansvar for den daglege leiinga av verksemda. I leiargruppa sit direktøren og dei fire avdelingsdirektørane.



## Tal på tilsette og årsverk


I 2023 utførte Språkrådet 34 årsverk fordelt på 42 tilsette gjennom året.



## Lokalisering

Språkrådet held til i Observatoriegata 1 B i Oslo. I tillegg har Språkrådet éin medarbeidar som har arbeidsstad i Bergen.

# Organisasjonskart



# Nokre hovudtal

## Volumtal for språkrådgevinga

Bruk av den nettbaserte språkrådgevinga frå Språkrådet, av svarbasen og av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* på nett.

| År   | Unike visingar på nett |             | <i>Bokmålsordboka og Nynorskordboka</i> |
|------|------------------------|-------------|---|
|      | Språkhjelp             | Svarbasen   | Oppslag på nett                         |
| 2020 | 1 065 201              | 1 728 576   | 37,7 millionar                          |
| 2021 | 959 480                | 1 637 617   | 38,6 millionar                          |
| 2022 | 807 113                | 1 417 574   | 32,6 millionar*                         |
| 2023 | 797 930**              | 1 467 004** | 37,3 millionar                          |

\* Den nye nettstaden for *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er [ordbokene.no](https://ordbokene.no). Tala for oppslag er både frå den gamle nettstaden [ordbok.uib.no](https://ordbok.uib.no) og frå den nye. Oppslaga fordeler seg om lag likt mellom nettstadene.

\*\* Overgangen frå Google Analytics Universal til Google Analytics 4 i juli 2023 gjer at tala før og etter blir talde ulikt og ikkje er direkte samanliknbare med tidlegare år. Tala for første og andre halvdel av 2023 er her slått saman.

## Nettkurs i klarspråk

2788

fullførte heile eller delar  
av nettkurset i klarspråk.

| År          | Den gylne pennen |
|-------------|------------------|
| 2020        | 1653             |
| 2021        | 2482             |
| 2022        | 2962             |
| <b>2023</b> | <b>2788</b>      |

## Nettkurs i nynorsk

850

fullførte heile eller delar  
av nettkurset i nynorsk.


| År          | Oi, på nynorsk! |
|-------------|-----------------|
| 2020        | 549             |
| 2021        | 1279            |
| 2022        | 1030            |
| <b>2023</b> | <b>850</b>      |

Tabellane viser tal for plattformene til DFØ, Læringsplattforma og Verksemdsplattforma. Mange verksemdar lastar ned kursa til sine egne læringsplattformer. Me har ikkje tal frå dei enkelte verksemdene.

Tala for 2020 viser kor mange som fullførte heile kurset. Tala for 2021, 2022 og 2023 viser kor mange som fullførte heile eller delar av kurset.

29

lover



7

forskrifter

## Arbeid med språket i lover og forskrifter

Språkrådet arbeider med språket i lovtekstar både før og etter høyringsrundane. I perioden 2009–2023 har Språkrådet hjelpt til med å kvalitetssikra språket i til saman 29 lover (heile tekstar eller utdrag) og 7 forskrifter.



## Saker om brot på reglane i §§ 14 og 15 i språklova og brot på forskrift om målform i eksamensoppgåver

Språklova § 14 gjev reglar om parallell bruk av bokmål og nynorsk hos statsorgan, og § 15 gjev reglar om når statsorgan og fylkeskommunar skal bruke det eine eller det andre skriftspråket overfor private rettssubjekt og enkeltkommunar. Språkrådet fekk i alt 175 førespurnader om brot på desse paragrafane i 2023.

Forskrift om målform i eksamensoppgåver gjev studentar rett til eksamen på det norske skriftspråket dei ønskjer. Språkrådet fekk i alt 24 førespurnader om brot på denne retten i 2023.

Språkrådet har grunn til å tru at mørketala er store, og at dei færraste klagar på slike lovbrot.

Språkrådet er ikkje klageorgan i slike saker. Tala i tabellen viser berre saker der ein privatperson har klaga til rett organ og sendt kopi til Språkrådet. Språkrådet følgjer opp alle slike klagesaker ved å retta ein førespurnad til det aktuelle statsorganet dersom det ikkje svarar klagaren innan rimeleg tid.


|             |            |
|-------------|------------|
| <b>2018</b> | 53         |
| <b>2019</b> | 87         |
| <b>2020</b> | 74         |
| <b>2021</b> | 45         |
| <b>2022</b> | 73         |
| <b>2023</b> | <b>199</b> |


## Nøkkeltal frå årsrekneskapen

|                              | 2020       | 2021       | 2022       | 2023       |
|------------------------------|------------|------------|------------|------------|
| Årsverk                      | 32,29      | 34,23      | 32,73      | 33,87      |
| Samla tildeling post 01-78   | 78 905 000 | 87 298 000 | 90 997 000 | 91 490 000 |
| Samla tildeling post 01-29   | 41 095 000 | 45 053 000 | 47 911 000 | 49 925 000 |
| Utnyttingsgrad post 01-29    | 98,6 %     | 95,1 %     | 98,7 %     | 99,0 %     |
| Driftsutgifter post 01       | 40 519 278 | 42 858 404 | 46 801 746 | 48 957 167 |
| Lønsdelen av driftsutgiftene | 73,7 %     | 76,0 %     | 69,5 %     | 71,9 %     |
| Lønsutgifter per årsverk     | 924 589    | 951 284    | 994 214    | 1 039 544  |
| Lønsutgifter                 | 29 854 970 | 32 562 456 | 32 540 618 | 35 209 339 |

Del 3 

# Aktivitetar og resultat i 2023





# Utvalde høgdepunkt



## Merksemd om minoritets- språk og norsk teiknspråk

Betre kjennskap til og kunnskap om minoritets-  
språka våre og norsk teiknspråk bidreg til fremjing  
og vern. I 2023 kom det to store utgreiingar som  
gjev kunnskap til befolkninga og legg grunnlag for  
utvikling av politikk for urfolksspråka, dei nasjonale  
minoritetsspråka og norsk teiknspråk. Rapporten frå  
sannings- og forsoningskommisjonen og NOU-en  
om norsk teiknspråk kjem til å bli viktige for arbeidet  
i Språkrådet på desse felta i åra framover.

I mars 2023 vart årets teikn på norsk teiknspråk kåra  
for første gong. Årets teikn er eit tiltak for å gjera  
norsk teiknspråk meir synleg, og i arbeidet med  
kåringa vart befolkninga oppmoda til å senda inn  
forslag. Kåringa gjeld for året som er gått, og årets  
teikn for 2022 vart *absurd/kaos*.



## Godt driv i kunnskapssektoren

Kunnskapsdepartementet (KD) hadde språkpoli-  
tikken med seg i fleire gode tiltak i 2023. Mellom  
anna vil den nye opplæringslova, som tek til å  
gjelda i 2024, gje også ungdomsskulelevar rett  
til å gå i eigen nynorskklasser. Framlegget til ny  
universitets- og høgskulelov skjerpar språkrava  
til lærestadene. Dessutan har KD i samarbeid med  
Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) lagt  
fram ein eigen handlingsplan for norsk fagspråk i  
akademia. Språkrådet har god dialog med KD for  
å sikra at dei underliggjande statsorgana følgjer  
reglane i språklova for bruk av bokmål og nynorsk.





## Verda vil kommunisera klart ...

I juni 2023 publiserte Den internasjonale standardiseringsorganisasjonen (ISO) den aller første ISO-standard for klarspråk, *ISO 24495-1 Plain Language – governing principles and guidelines*. Språkrådet har delteke i arbeidsgruppa som har skrive standarden, som gjev retningslinjer til skribentar over heile verda som vil og skal skrive klart og brukartilpassa, uavhengig av skriftspråk.



## Sjarmen med termen

I 2023 nådde Termportalen viktige milepålar i utviklinga og vart offisielt lansert som ein nasjonal portal for terminologi. Der er det bygd opp ein fagstab med tre terminologar og ein utviklar. Portalen har fått ei heilt ny søkjeside og er utvida med ei rekkje termbasar som er utvikla av fagmiljø i universitets- og høgskulesektoren.

Regjeringa følgjer opp handlingsplanen for norsk fagspråk i academia med å dobla løyvinga til Termportalen i 2024. Ei styrking av Termportalen gjer det mogleg å setja fart på arbeidet med å samla og gjera tilgjengeleg terminologi på bokmål, nynorsk og engelsk.



## Teknisk tala

Me ser at utviklinga på språkteknologifeltet i året som gjekk, vil få stor innverknad på språkbruken i samfunnet og på arbeidet i Språkrådet framover. Særleg har utviklinga innanfor kunstig intelligens og generative språkmodellar fått mykje merksemd i 2023. Språkrådet har prioritert å samarbeida med relevante partnarar i offentleg og privat sektor for å gjera språkteknologi på norsk meir tilgjengeleg og meir bruka. I dette arbeidet har me lagt særleg stor vekt på nynorsk.



## ... og Noreg vil kommunisera klart

I 2023 kontrollerte Riksrevisjonen om Nav og Statens pensjonskasse kommuniserer på eit klart og forståeleg språk i vedtaksbrev sine. Språkrådet meiner det er svært positivt at språklova blir bruka som grunnlag for revisjonar, og at andre instansar enn Språkrådet kan kontrollere korleis staten etterlever krava i språklova.

Språkrådet ser at det er mykje merksemd om klarspråk i det offentlege. Mellom anna blir klarspråk ofte teke med i mandatet når lover skal skrivast eller reviderast. Det finst også fleire nettverk der aktørar kan dela erfaringar med klarspraksarbeid og utvikla fagfeltet. Liknande nettverk finst også for helsespråk.

På tampen av 2023 vart ISO-standard for klarspråk fastsett som ein norsk standard, og Standard Norge tek ansvar for å følgja han opp.

Kunnskapsdepartementet har løyvd pengar til ei satsing på norsk språkforskning.



## Bokmålet på dagsordenen

Språkrådet har lenge arbeidd med å gjera endringar i bokmålsnormeringa. Særleg har det handla om å stramma inn valfridommen for ein del inkjekjønns-substantiv. I 2023 vart desse endringane godkjende av Kultur- og likestillingsdepartementet.

I mai arrangerte Språkrådet eit seminar om bokmålsnorma for å få innspel om kva retning justeringar av bokmålsnorma bør ta, og om kvar grensa går mellom justeringar og meir gjennomgripande endringar.



1. I mars 2023 vart årets teikn på norsk teiknspråk kåra for første gong. ABSURD/KAOS vart kåra til årets teikn 2022.
  2. Åsne Dahl Haugsevje i Telemarksforsking og språkdirektør Åse Wetås.
  3. I juni 2023 lanserte regjeringa ein handlingsplan for norsk fagspråk i akademisk. Kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen, minister for forsking og høgare utdanning Ola Borten Moe og nasjonalbibliotekar Aslak Sira Myhre deltok på lanseringa.
- Foto: Språkrådet



## Ny gjev for dei små språkfaga

Kunnskapsdepartementet har løyvd pengar til ei satsing på norsk språkforsking. Pengane kjem etter at ein rapport frå Telemarksforsking, laga på oppdrag frå Språkrådet, viser at det står dårleg til med enkelte språkdisiplinar, som leksikografi, terminologi og stadnamngransking.



## God tilsynsdialog

Berre eitt statsorgan oppfyllte alle krava i språklova som gjeld bruk av bokmål og nynorsk. Likevel er det optimisme å spora. I samband med tilsyna har Språkrådet hatt møte med fleire statsorgan og departement, og det ser ut til at mange nå legg langsiktige planar for å etterleva språklova.

# Språk er kunnskap, og kunnskap er språk

Kunnskap om det norske språket har i fleire år vore nedprioritert ved kunnskapsinstitusjonane og i kunnskapspolitikken. Språk er likevel ein føresetnad for all kunnskap, og derfor er kunnskapssektoren ei særskilt viktig målgruppe for Språkrådet.

Kunnskapssektoren legg grunnlaget ikkje berre for språkkompetansen til den enkelte, men òg for dei store språklege strukturane i samfunnet. I barnehagen og skulen skal ungane våre møta og bruka språket sitt, læra å lesa og skriva og bli trygge språkbrukarar. Skulen spelar òg ei nøkkelrolle når det gjeld å verna og bruka dei nasjonale minoritetsspråka og norsk teiknspråk.

I høgare utdanning skal studentane læra det dei treng for å kunna gå ut i det norske arbeidslivet. Med all si forskning er universiteta og høgskulane eit tekstlaboratorium for heile samfunnet. Det er her fagspråket blir utvikla – eit språk heile samfunnet tek i bruk når me skal diskutera utvikling og regulering av ny teknologi, innføring av nye metodar og medisinar, økonomiske kriser eller ny kunnskap om mat og folkehelse.

Kunnskapssektoren er òg viktig på mange område i *språkpolitikken*, og Språkrådet har i 2023 prioritert strategisk arbeid retta mot kunnskapssektoren på fleire felt. Kunnskap er eit gjennomgangstema for både innhaldet i og utforminga av årsrapporten, og under alle delmåla kan ein finna tiltak som gjeld kunnskapssektoren.

## **Språkpolitiske framsteg**

I 2023 kom det fleire gledelege nyheiter i universitets- og høgskulesektoren sett med språkpolitiske auge. I juni la regjeringa fram forslag til ny universitets- og høgskulelov med ein eigen paragraf om norsk og samisk fagspråk. Same veka lanserte regjeringa ein handlingsplan for norsk fagspråk i academia. Nokre månader seinare var det offisiell opning av Termportalen ved Universitetet i Bergen (UiB). Alt dette er viktige ledd i det langsiktige og systematiske arbeidet for å utvikla norsk fagspråk.



### Språkfagleg tilbakegang

Sjølv om norsk språk har fått fortent merksemd i universitets- og høgskulesektoren, står det dårleg til med enkelte språkfaglege disiplinar. Både stadnamn-gransking, leksikografi og terminologi har dei siste åra vorte bygde ned som fag.

Det er behov for kunnskap om dei arenaene og prosessane der norsk språk faktisk står på spel, slår ein rapport frå Telemarksforsking fast. Det trengst eit fast forskings- og utviklingsmiljø for norsk språk, og eit slikt miljø bør ha hovudsete ved UiB, skriv forskargruppa. Rapporten, som er laga på oppdrag frå Språkrådet, vart presentert på eit arrangement på Nasjonalbiblioteket 23. juni 2023.

### Kartlegging av norskfaget i skulen

I 2023 bestilte Språkrådet to kartleggingar som gjeld norskfaget i skulen. Kartleggingane skal gje betre kunnskapsgrunnlag for ny politikk og nye tiltak.

Den eine kartlegginga undersøker korleis utdanningsinstitusjonar dokumenterer og sikrar at studentane får kompetanse i både nynorsk og bokmål. Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa (Nynorsksenteret) fekk oppdraget med å utarbeida kartlegginga og skriva ein rapport. Dette danna grunnlaget for seminaret Små krav, store skilnader, som Språkrådet arrangerte saman med OsloMet – storbyuniversitetet.

Språkrådet samarbeider med Institutt for lærarutdanning ved Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU) om den andre kartlegginga, som er ei undersøking om skriveopplæringa i grunnskulen. Undersøkinga er retta mot lærarar som underviser i norsk, og ho kartlegg kva kompetansar, roller og ansvar norsklæraren har. Denne undersøkinga blir lagd fram på eit seminar våren 2024.

### Nye krav i opplæringslova

Våren 2023 vedtok Stortinget ei ny opplæringslov. I tillegg til parallellitetskravet for læremiddel, som er vidareført, inneheld lova eit nytt krav som seier at *skriveprogram* i skulen skal fungera like godt på nynorsk og bokmål.

### Tiltak for minoritetsspråk og norsk teiknspråk

To store og viktige dokument som vart lagde fram i 2023, var NOU-en *Tegnspråk for livet: forslag til en helhetlig politikk for norsk tegnspråk* og sannings- og forsoningskommisjonens rapport til Stortinget. Dokumenta legg vekt på at kunnskap og opplæring er nødvendig både i forsoningsarbeid og som språkstyrkingstiltak.


Teiknspråkutvalet som skreiv NOU-en, hadde i oppgåve å greia ut om situasjonen for norsk teiknspråk, og utvalet skulle koma med tilrådingar om tiltak som kan gjera det lettare å vera teiknspråkbruka. Utvalet føreslår seks løft for å verna og fremja norsk teiknspråk. Det tilrår mellom anna å sørgja for meir og betre opplæring i teiknspråk, meir teiknspråkleg kompetanse og meir forskning på og dokumentasjon av norsk teiknspråk.

Sannings- og forsoningskommisjonens mandat var å granska fornorskingspolitikken og uretten overfor samar, kvenar og norskfinnar. Kommisjonen har føreslått ei rekkje tiltak for å nå målet om eit meir forsona samfunn med likeverd. Tiltaka er fordelte på fem hovudsatsingsområde. Kunnskap og formidling er til dømes eitt område, språk eit anna. Kommisjonen føreslår mellom anna ei nasjonal satsing på opplæring i kvensk frå barnehage til høgare utdanning.

Språkrådet har tilsett ein medarbeidar i eit eittårig engasjement for å greia ut korleis Språkrådet kan følgja opp tiltaka i desse to dokumenta.



# Nokre viktige samarbeid i kunnskapssektoren



## Sikt – kunnskapssektorens tenesteleverandør og Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir)

Språkrådet har hatt fleire møte med Sikt om norsk taleattkjenning. Me har informert om krava i språklova og om at sektoren har behov for eit produkt som stør både nynorsk og bokmål. Språkrådet samarbeider med HK-dir og Sikt for å få meir kunnskap og betre data om språksituasjonen i høgare utdanning.

## Kunnskapsdepartementet og tilsyn

Fleire av dei statlege nettstadene med høgast tekstproduksjon høyrer til i kunnskapssektoren. I tilsynet med bruken av bokmål og nynorsk i statsorgana har Språkrådet over tid merka seg mykje dårleg etterleving av regelverket i organa som ligg under Kunnskapsdepartementet. Derfor har me prioritert denne sektoren i tilsynsarbeidet i 2023.

Språkrådet og Kunnskapsdepartementet har god dialog om korleis språkarbeidet i sektoren kan bli betre, og Språkrådet har bede departementet om å særleg ta grep overfor åtte organ der lovbrotta har vore systematiske.


## Utdanningsdirektoratet og Forum for nynorsk i opplæring

Språkrådet har teke initiativ til å gå saman med Utdanningsdirektoratet om å vera vertskap for Forum for nynorsk i opplæring. Forumet har eksistert sidan 2005, med Utdanningsdirektoratet som vertskap og Språkrådet som ein av medlemmene. Andre medlemmer er Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa, Noregs Mållag, Norsk Målungdom, Landssamanslutninga av nynorsk kommunar og Nynorsk kultursentrum. Forumet skal vera ein arena for informasjonsutveksling og drøfting av saker. Det skal medverka til eit koordinert samarbeid for å sikra at kunnskapssektoren tek språkpolitiske omsyn i sentrale prosessar og tiltak. Med dei to statsorgana som vertskap blir rollene i arbeidet med nynorsk i skulen tydelegare.

## Universitetet i Bergen (UiB)

UiB har eit stort språkmiljø som Språkrådet samarbeider med på ulike område. Språkrådet og UiB eig *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* i fellesskap. UiB gjer det redaksjonelle arbeidet, medan Språkrådet avgjer korleis ord skal skrivast og bøyast.

Termportalen er ein del av Språksamlingane ved UiB, og arbeidet med terminologi skjer i samråd med Språkrådet. Leiaren av Termportalen, Marita Kristiansen, er òg leiar av Språkrådet sitt fagråd for fagspråk og språk i samfunn og høgare utdanning.



# Resultat i 2023

Språkrådet skal gjennom målretta aktivitetar fremja statusen til norsk språk og bruken av norsk på utsette samfunnsområde.

På bakgrunn av dette hovudmålet har Kultur- og likestillingsdepartementet fastsett fire delmål som har vore styrande for ressursprioriteringane til Språkrådet i 2023.



# Delmål 1

Norsk skal vera eit fullverdig språk og skal brukast på alle samfunnsområde.





# Vesentlege forhold i 2023

I 2023 tok regjeringa og universitets- og høgskulesektoren viktige grep for å hindra domenetap for norsk språk i sektoren og i arbeids- og næringslivet. I juni la regjeringa fram ein handlingsplan for norsk fagspråk i academia med 21 konkrete oppfølgingspunkt. I september vart Termportalen ved Universitetet i Bergen lansert som delingsportal for norskspråkleg terminologi frå offentleg og privat sektor. Tiltaka legg til rette for ein god parallellspråkleg praksis i universitets- og høgskulesektoren, som utviklar norsk fagspråk til bruk på alle fagområde i samfunnet. Språkrådet har, som samordnar av språkpolitikken på tvers av sektorar og som nasjonalt samordningsorgan for terminologi, bidrege til begge desse tiltaka.

Språkrådet har prioritert oppgåvene med å normera bokmål og nynorsk, gjera normene synlege og tilgjengelege og rettleia om godt og korrekt språk gjennom året. Revisjonen av *Nynorskordboka* og *Bokmålsordboka* er på oppløpssida, og arbeidet vart i 2023 premiært med Universitetet i Bergens formidlingspris.



## Språkrådets verkemiddel og resultat

### Eit gjennombrøt i arbeidet med norsk fagspråk

Språkrådet deltok i 2023 i arbeidsgruppa som utarbeidde *Handlingsplan for norsk fagspråk i akademia*. Handlingsplanen er eit samarbeid mellom Kunnskapsdepartementet og Kultur- og likestillingsdepartementet, og i tillegg har Forskningsrådet, Direktoratet for høgare utdanning og kompetanse (HK-dir), Nasjonalbiblioteket og Språksamlingane ved Universitetet i Bergen delteke i arbeidet. Handlingsplanen inneheld 21 konkrete tiltak for å styrkje norsk fagspråk i akademia og i samfunnet elles.

Språkrådets strategiske arbeid med å styrkje norsk fagspråk har vore eit viktig grunnlag for planen, og tiltaka er ei konkretisering av dei overordna språkpolitiske måla for universitets- og høgskulesektoren, med vekt på handling. Fleire av tiltaka er følgde opp i statsbudsjettet for 2024: Mellom anna får Termportalen ved Universitetet i Bergen ein auke i

løyvinga på fire millionar kroner, tilskotsordningane for lærebøker og tidsskrift (forvalta av HK-dir) får ein auke på to millionar kroner, og språkbanken ved Nasjonalbiblioteket får ein auke på tre millionar kroner til styrking av norsk fagspråk. I tildelingsbrev til universiteta og høgskulane i 2024, som kom før årsskiftet, varslar regjeringa at arbeidet med å styrkje norsk fagspråk held fram, og at dei forventar at alle verksemdar i sektoren følgjer opp handlingsplanen.

I framlegget til ny universitets- og høgskulelov, som vart presentert våren 2023, presiserer regjeringa ansvaret for norsk fagspråk. Etter framlegg frå Språkrådet i høyringsrunden er ordlyden nå endra til at universitet og høgskular skal *bruke, utvikle og styrke* norsk fagspråk, både bokmål og nynorsk. Denne ordlyden harmonerer med dei overordna formuleringane om bruk, utvikling og styrking av norsk språk som ligg i språkløva. Framlegget til ny UH-lov slår også fast at undervisningsspråket skal vera norsk eller samisk. Dette er ei tydeleg heving



## I 2023 kom det fleire gledelege nyheiter i universitets- og høgskulesektoren sett med språkpolitiske auge.

av statusen for norsk språk i UH-sektoren, samanlikna med lovverket i dag. Språkrådet har kome med fleire innspel gjennom heile lovprosessen og meiner at dei overordna måla for norsk språk, slik dei er formulerte i språklova, er godt varetekne med framlegget til ny UH-lov. Føringane i lovframlegget og tiltaka i handlingsplanen for norsk fagspråk viser tydeleg at Kunnskapsdepartementet var i god dialog med Språkrådet i 2023, og departementet har teke tydeleg språkpolitisk sektoransvar på dette området.

Med utgangspunkt i handlingsplanen for norsk fagspråk har Språkrådet i 2023 arbeidd tett saman med HK-dir og Sikt – kunnskapssektorens tenesteleverandør for å skaffa oversikt over tilgjengelege data om språksituasjonen i forskning, undervisning og formidling ved norske UH-institusjonar. I arbeidet har ein vurdert kvaliteten på dei ulike datakjeldene og kartlagt korleis dei kan utviklast for å få meir treffsikker statistikk. For 2024 har HK-dir fått i oppdrag å følgja opp dette arbeidet i dialog med Kunnskapsdepartementet. Med betre statistikk over

språksituasjonen i høgare utdanning kan ein seia noko meir handfast om oppfølginga av handlingsplanen for norsk fagspråk og om kor mykje nærare dei språkpolitiske måla ein kjem.

### **Termportalen ved Universitetet i Bergen er lansert**

Eit sentralt verkemiddel i arbeidet med å fremja utviklinga av fagterminologi og å styrkja norsk fagspråk er Termportalen ved Universitetet i Bergen. Portalen skal vera ein nasjonal infrastruktur for terminologi, der ulike brukargrupper frå heile samfunnet skal kunna finna fagtermar i eitt felles søkjefelt på tvers av lister og basar. Portalen vart lansert i september 2023 med eit arrangement ved Universitetet i Bergen.

Som nasjonalt samordningsorgan for terminologi har Språkrådet i 2023 inngått ein formell samarbeidsavtale med Termportalen, som slår fast at Språkrådet skal gje strategiske råd om vidareutvikling av portalen. I tillegg skal Språkrådet administrera eit eksternt råd for Termportalen. I rådet skal studentar, ulike forvaltningsorgan, eigarar av store terminologibasar og translaturar vera representerte, og dei skal koma med råd om utviklinga av tenesta. I 2023 har rådet hatt to møte, og Språkrådet ser at dei faglege innspela frå sentrale interessentar er verdifulle for den vidare utviklinga av portalen.

I 2023 har det vorte etablert ein fagstab med fleire terminologar ved portalen, og denne fagstaben har rekruttert nye termgrupper og innlemma fleire store termbasar i portalen. Språkrådet har lagt til rette for at basane for lingvistikk og bibliotekfag har vorte lagde til i Termportalen. I tillegg rettleier Språkrådet fem termgrupper som publiserer termar. Alle desse har vorte utvida i 2023, og termene som er delte i portalen, er tilgjengelege med open lisens, i tråd med det språkpolitiske målet om fri deling av språkdata.





I tildelingsbrevet til Universitetet i Bergen for 2024 framhevar Kunnskapsdepartementet at Termportalen skal bidra til å utvikla modellar for korleis institusjonane kan samarbeida om terminologiarbeid seg imellom og med Termportalen. Språkrådet har systematisk og over tid fremja Termportalen som heilt sentral i arbeidet med norsk fagspråk, både i dialog med dei enkelte universiteta og høgskulane og som representantar i arbeidsgruppene som førebudde handlingsplanen. Den økonomiske styrkinga, saman med Kunnskapsdepartementets understreking av at institusjonane skal bidra i utviklinga av portalen, gjer at tilhøva ligg godt til rette for at Termportalen blir utvida med terminologi frå mange fleire fagområde i åra som kjem. Det er òg eit gjennombrøt for det langsiktige arbeidet med utvikling, systematisering og

deling av norskspråkleg terminologi som Språkrådet har gjort i rolla som nasjonalt samordningsorgan for terminologi.

#### **Utvikling av terminologi i offentlege organ**

I 2023 har Språkrådet hatt møte med fleire statsorgan for å få dei til å utvikla og dela terminologi frå fagfelta sine. Ansvar for offentlege organ har for å utvikla terminologi, er heimla i førearbeida til språklova. Språkrådet har mellom anna møtt Sjøfartsdirektoratet, som tidlegare har forvalta ein eigen termbase, og Kystverket, som forvaltar terminologi knytt til akutt forureining. Sjøfartsdirektoratet er òg i dialog med Termportalen ved Universitetet i Bergen om å ta opp att arbeidet med termbasen sin og dela terminologi i portalen.




Språkrådet ser at mykje av omgrepsarbeidet i staten skjer i samband med deling og strukturering av data-sett, og me har i lengre tid samarbeidd med Digitaliseringsdirektoratet og staben ved Felles datakatalog. Språkrådet har bidrege i arbeidet med å etablere ein ny forvaltningsstandard for omgrepsskildringar. Standarden tok til å gjelda 1. januar 2023. I denne nye standarden er det obligatorisk å registrera tilrådd term på både nynorsk og bokmål, og Språkrådet trur dette vil føra til ein auke i talet på nynorsktermar i Felles datakatalog.

Språkrådet opplever ofte at offentlege organ uttrykker vilje og forståing for ansvaret for terminologi-utvikling, men at det òg ervanskeleg å prioritera dette arbeidet sett opp mot andre oppgåver. Med bakgrunn i erfaringar frå møta med statsorgan gjennom året som gjekk, vil Språkrådet i 2024 derfor arbeida med å utvikla nye framgangsmåtar og metodar som kan leggja til rette for meir terminologiarbeid i ulike delar av offentleg sektor.

#### **Oslo Science City fekk norsk namn**

Debatten om eit norsk namn for Oslo Science City gjekk òg i 2023. Dette har vore ei viktig symbolsak fordi namnet er særst synleg, og fordi saka gjeld fleire språkrelevante lovverk (både språklova og stadnamnlova). Språkrådet hadde mellom anna møte med politisk leiing for næring og eigarskap i Oslo kommune og med styreleiar og direktør i medlemsforeininga Oslo Science City. I oktober vart det kunnngjort at det norske namnet er Kunnskapsbyen i Oslo. Språkrådet er godt nøgd med namnevalet, men ventar framleis på at det norske namnet skal takast i bruk.

Gjennom heile 2023 har Språkrådet forsøkt å koma i dialog med Banenor om namnet Innlandet Science Park. Sjølv etter gjentekne skriftlege førespurnader frå Språkrådet, og trass i at også Samferdselsdepartementet har bede Banenor om å svara, er saka ikkje følgd opp. Det er svært uheldig for legitimiteten til regelverka på språkområdet og måla for den norske



## Styrkinga av Termportalen i 2023 er eit gjennombrøt for utvikling, systematisering og deling av norskspråkleg terminologi.

språkpolitikken at store statlege verksemder unnlèt å følgja dei opp.

Det overordna målet med den namnefaglege rådgjevinga til Språkrådet er at norsk språk skal nyttast på alle samfunnsområde.

I 2023 har Språkrådet gjeve råd om

- namnet til eit nytt direktorat i helsesektoren: Direktoratet for medisinske produkt (DMP)
- nytt namn på Oljedirektoratet: Sökkeldirektoratet
- nytt namn på Petroleumstilsynet: Havindustritilsynet
- namnet til ein ny IKT-organisasjon for departementa og KMD: ikkje fastsett
- eit eventuelt nytt namn på abortnemndene: ikkje fastsett
- nytt kortnamn på Nasjonalt senter for leseopplæring og leseforskning: ikkje fastsett

Dei fleste av dei fastsette namna følgjer råda me gav. Berre Oljedirektoratet fekk eit nytt namn som Språkrådet rådde frå å nytta. Denne namneprosessen var i realiteten over før Språkrådet vart trekt inn.

### Gode råd til mange

Det er viktig for det norske språksamfunnet at det finst lett tilgjengeleg informasjon om god og korrekt norsk. Språkhjelpssidene og basen med svar på språkspørsmål er dei mest bruka delane av nettstaden til Språkrådet. Gjennom heile året formidla Språkrådet innhald frå svarbasen i sosiale medium, med nye og oppdaterte artiklar.

Svarbasen, nettsidene elles og ordbøkene *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* er dei viktigaste kanalane Språkrådet har for å formidla informasjon om rettskriving og god språkbruk. I tillegg får Språkrådet mange førespurnader om godt og korrekt språk. Språkrådet prioriterer særleg spørsmål frå fagmiljø og profesjonelle aktørar som har stor påverknad på



språkbruken til andre. I 2023 kom det inn i overkant av 3500 enkeltpørsmål, medan det var rundt 3900 i 2022 og over 5000 i åra før dette. Det er ei ønskt utvikling at fleire skal finna svar på nettsidene våre, og at færre skal ta direkte kontakt.

Språkrådet har kontakt med viktige statsorgan og tekstprodusentar som kan følgja opp dei språklege råda, til dømes departementa, Store norske leksikon og NRK.

#### **Rettskriving) skal vera rett på bokmål**

I samband med språklovsproposisjonen, som seier at det særleg kan vera aktuelt å sjå på justeringar i bokmålsrettskrivinga, heldt Språkrådet eit seminar om bokmålsrettskrivinga i mars 2023. Der vart det halde faglege innlegg om normering generelt og normering av bokmål spesielt, og fem

språkorganisasjonar heldt innlegg om sitt syn på normeringa framover.

Dei største endringane i bokmålsrettskrivinga i 2023 vart gjorde då Kultur- og likestillingsdepartementet godkjende ei rekkje framlegg som Språkrådet vedtok i 2022, og som skulle til vidare behandling i departementet. Såkalla gjennomgripande rettskrivingsendringar skal godkjennast i departementet, og desse framlegga var rekna som det fordi dei gjaldt ei stor mengd ord. Etter dette endelege vedtaket heiter det nå til dømes berre *fengselet* og *panseret* i bunden form på bokmål, medan dei valfrie formene *fengslet* og *pansret* er tekne ut. (Sjå òg eiga sak.) Tilsvarende endringar vart vedtekne for nynorsk i 2012.

Andre sentrale rettskrivingsvedtak for bokmål frå 2023 er endringane i preteritumsformene av visse



## Språkhjelpssidene og basen med svar på språkspørsmål er dei mest bruka delane av nettstaden til Språkrådet.

verb, som valfritt *kløp/kløyp* i staden for *kløp/klypte*, og at færre ord nå har valfritt *kv-/hv-*. Til dømes kan det nå berre heita *hvese*, ikkje *kvese* på bokmål. Det vil framleis vera valfritt å skriva *hvit* eller *kvit* på bokmål, sidan det i høyringsrunden var fleire som særleg hadde innvendingar mot å fjerna valfridommen for dette ordet og for samansetjingar med *hvit-/kvit-*, som *hvitrev/kvitrev*.

Ordinga med allmenn høyring i rettskrivings saker vart etablert i 2022, og sakene Språkrådets normeringsfagråd hadde behandla året før, vart sende samla til høyring. Denne framgangsmåten vart òg følgd i 2023, med allmenn høyring på våren og vedtak i Språkrådets styre i juni. Eit fullstendig oversyn over rettskrivingsvedtak i 2023 er tilgjengeleg på Språkrådet sine nettsider.

### ANDRE TILTAK UNDER DELMÅL 1

- Språkrådet har i 2023 gjennomført ei undersøking om bruk av nynorsk i norske aviser. Kartlegginga vart gjennomført av Opinion, gjekk ut til redaktørane i alle avisene i landet og undersøkte føresetnadene for å bruka nynorsk som redaksjonelt språk. Det var mellom anna spørsmål om rekruttering av journalistar, i kva grad avisene brukar nynorsk eller ikkje, om dei brukar meir eller mindre nynorsk nå enn tidlegare, om avisa følgjer ei eiga husnorm, og om avisa opplever at det er tekniske hindringar for å bruka nynorsk som redaksjonelt språk. Den endelege rapporten vil bli lagd fram i 2024.
- Språkrådet har i 2023 halde fram arbeidet med å forankra det lovpålagde ansvaret for norsk fagspråk i ulike delar av universitets- og høgskulesektoren. Språkrådet samarbeider tett med HK-dir. I året som gjekk, har Språkrådet dessutan samarbeidd med Norsk studentorganisasjon og møtt rektorata ved Universitetet i Tromsø, Universitetet i Oslo og Universitetet i Sørøst-Noreg.
- Revisjonen av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* var eit stort arbeid for Språkrådet i 2023 òg. *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* gjev informasjon om korrekt skrivemåte og bøying av ord og viser korleis orda blir bruka i norsk. For at ordbøkene skal vera tillitvekkjande og relevante, er det viktig at definisjonane er oppdaterte, og at ein kan finna vanlege ord i dei. Revisjonen skjer i samarbeid med Universitetet i Bergen. Ordbokredaksjonen i Bergen skriv utkast til nye ordartiklar, medan Språkrådet avklarar rettskrivingsspørsmål og fører sluttkontroll med artiklane. Det særskilde revisjonsprosjektet skal halda fram og avsluttast i 2024.

# Eit avslutta kapittel for *kapitlet*

Nå må du skriva *teateret* og *kapittelet* på bokmål.  
Fram til 26. september 2023 var det lov å bruka  
samantrekte former som *teatret* og *kapitlet*.

I september godkjende Kultur- og likestillingsdepartementet rettskrivingsendringar for fleire vanlege ord i norsk. Endringane gjeld i hovudsak bokmål. Diskusjonen om desse endringane har gått i fleire år. I 2023 vart saka løyst. Hovudmålet med endringane er å gjera bokmålsnorma enklare.

Nokre av dei viktigaste endringane gjeld bestemt form eintal av inkjekjønnsstavn som endar på trykklett *-el* og *-er*. Fram til nå har det vore valfritt om ein ville bruka former med eller utan

samantrekking. Nokre av orda er mykje bruka:

- kapitlet – kapittelet
- søplet – søppelet
- eksemplet – eksempelet
- dekslet – dekselet
- midlet – middelet
- miraklet – mirakelet
- oraklet – orakelet

Nå er det berre den lange varianten som er godkjend rettskriving. I nynorsk vart kortformene tekne bort i 2012.

## Løvetenner, livmødre og hermegjess

*Livmorer* eller *livmødrer*? *Løvetanner* eller *løvetenner*? Det er det store spørsmålet.

Det var behov for ein gjennomgang av samansette substantiv der etterleddet har uregelrett bøyning i fleirtal når det står som sjølvstendig ord (til dømes *mor – mødrer* eller *tann – tenner*). Normeringa av samansetningane har vore noko usystematisk. I nynorsk har til dømes *livmor* og *vågmor* vore normerte til høvesvis



*livmorer* og *vågmødrer* i fleirtal. Det har òg vore ein del umotiverte skilnader mellom nynorsk og bokmål. Sjølv om skriftspråka blir normerte på sjølvstendig grunnlag, skal ein likevel unngå skilnader som ikkje har rot i bruk, tradisjon eller systematikk.

Derfor har styret i Språkrådet godkjent endringar i rettskrivinga som gjer at fleirtalsformene av desse samansetningane følgjer det same mønsteret i nynorsk og bokmål. For *livmor*, *skrumor*, *vågmor* og *hermegås* er det nå full


valfridom mellom regelrett bøyning og bøyning i tråd med grunnordet; ein kan altså skriva både *livmorer* og *livmødre(r)* i fleirtal.

For *løvetann* og andre plantenamner av denne typen er det føreslått at den normerte fleirtalsbøyninga berre skal følgja bøyninga av grunnordet, altså at *løvetenner* er den einaste korrekte skrivemåten i både nynorsk og bokmål. I nynorsk har det vore slik frå før, medan bokmål har hatt ein del former av typen *løvetanner*.

### Fritt fram for pisspraten på nynorsk!

Synest du at nynorsk passar best i seriøse dikt? Med ei ny rettskrivingsendring kan du også ta pisspraten på nynorsk.


I bokmål har *prat* vore normert som både hankjønnsord og inkjekjønnsord, medan ein på nynorsk har skilt mellom *ein prat* (samtale) og *eit prat* (laust snakk). Dermed har ein berre kunna skriva til dømes *pisspratet*, *tullpratet* og *grisepratet* på nynorsk. Men nå er det altså fritt fram for *pisspraten* på nynorsk – men bruk det med måte!



## Delmål 2

Innbyggjarane i Noreg skal ha høve til å møta og bruka eige/eigne språk, anten det er nynorsk, bokmål, samiske språk, norsk teiknspråk, kvensk, romani eller romanes, til beste for den enkelte og samfunnet.







## Vesentlege forhold i 2023

På feltet språkteknologi har utviklinga innanfor kunstig intelligens og generative språkmodellar fått stor merksemd i 2023. Her er norsk språk under sterkt press frå engelsk, og språkteknologi er eitt av tre prioriterte arbeidsområde i Språkrådets strategi. I 2023 har me prioritert å samarbeida med relevante partnerar i offentleg og privat sektor for å auka tilgangen til og bruken av språkteknologi på norsk. Det er særleg lagt vekt på nynorsk i dette arbeidet. Me ser at utviklinga på feltet i 2023 vil få stor innverknad på språkbruken i samfunnet og på arbeidet til Språkrådet framover.



## Språkrådets verkemiddel og resultat


### Språkteknologi som fungerer på norsk

At språkpolitikken er godt forankra i offentlig sektor, er avgjerande for arbeidet med å byggja ut språkteknologi for norsk språk. I 2023 har regjeringa arbeidd med ein ny digitaliseringsstrategi. I eit innspel til strategien har Språkrådet mellom anna påpeika at språklova og språkpolitikken må vera førande for utviklinga av digitale tenester, og at digitaliseringsstrategien må motverka ei utvikling der engelsk fortrengrer norsk på digitale plattformer.

Etter at tenesta ChatGPT frå OpenAI vart lansert i november 2022, har det nærast vore eit paradigmeskifte i samfunnsdebatten om språk og teknologi. Tenesta er basert på ein såkalla stor språkmodell og fungerer også på norsk. Fleire norske miljø er i gang eller skal i gang med å utvikla språkmodellar for norsk, mellom andre NorwAI med modellen

NorGPT. Språkrådet har i 2023 følgd utviklinga tett og delteke på fleire konferansar, møte og seminar for å få innblikk i desse prosessane og for å bidra til at utviklinga av slike språkmodellar skjer i tråd med norsk språkpolitikk.

Eit prioritert tiltak i Språkrådets strategi er satsinga på å byggja opp norskspråklege grunnlagsressursar til bruk i utvikling av språkteknologi. Den raske utviklinga på feltet pregar òg det faste samarbeidet med språkbanken ved Nasjonalbiblioteket om denne satsinga. I 2023 har Nasjonalbiblioteket mellom anna utvikla ein ny modell av maskinlæringsprogrammet Whisper, basert på Whisper frå OpenAI. Den nye modellen heiter NB Whisper og er ein KI-modell som kan konvertera tale til tekst. Språkrådet har samarbeidd med KI-laben ved Nasjonalbiblioteket om korleis programmet kan handtera valfridom i rettskrivinga, og om korleis tenesta kan fungera på normrett nynorsk og bokmål.



«Omsetjingsteknologi betyr ikkje at det berre er å trykkja på ein knapp. Me må bruka språkteknologien i samarbeid med menneska.»

Karoline Riise Kristiansen,  
språksjef i NRK,  
på seminaret Chatbot og betring

I 2023 har Språkrådet samarbeidd med språkbanken om eit prosjekt for evaluering og kvalitetsmåling av norsk taleteknologi. Prosjektet har vorte forseinka, mellom anna fordi nye teknologiar har vorte rådande og såleis endra dei teknologiske rammevilkåra. Dei har derfor vorte tekne inn i kvalitetsmålinga i løpet av prosjektperioden. I prosjektet er det vorte utvikla evalueringskorpus på både bokmål og nynorsk. Slutt-rapporten er venta i byrjinga av 2024. Prosjektet kan gje viktig kunnskap om kvaliteten på taleteknologi på norsk og kan seia oss om teknologien fungerer i tråd med språkpolitiske mål og føringar.

I 2023 har språkbanken òg fått nye tale- og tekst-ressursar, som vil bidra til å gjera taleattkjenning betre i stand til å forstå norske dialektar. Det har også kome oppdaterte omsetjingsminne og oppgraderte versjonar av annoterte korpus. Dei sistnemnde blir bruka til preprosessering av tekst til maskinlæring. Dei nye ressursane er venta å gje betre omsetjingar mellom bokmål og nynorsk og betre taleattkjenning og talesyntese, på både bokmål og nynorsk.

Språkrådet har i 2023 hatt fleire møte med Sikt, som tilbyr programvare og tenester for kunnskapssektoren. Sikt har bestilt eit produkt med taleattkjenning som ikkje finst på nynorsk, og Språkrådet har informert om språkkrava i lovverket.

Språkrådet har òg møtt Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ) med mål om å få på plass rettleiing om språklova på DFØs nettsider om innkjøp. Språkrådet meiner innkjøpsrettleiinga må gjera greie for krava i språklova til liks med andre lovkrav som gjeld offentlege innkjøp. Om språkkrav kjem inn på eit tidleg stadium i slike innkjøpsprosessar, kan det bidra til at staten unngår å kjøpa inn løysingar og tenester som ikkje er i tråd med krava i språklova.

I rolla som tilretteleggjar for god digitalisering i offentlig sektor er Digitaliseringsdirektoratet ein særleg viktig samarbeidspartnar for Språkrådet. Med eit tettare samarbeid kan me bidra til at digitaliseringa i større grad oppfyller krava i språklova og intensjonane i språkpolitikken. I 2023 har Språkrådet møtt direktoratets ressurscenter for deling av data.



Språkrådet og direktoratet har overlappende oppdrag på feltet, mellom anna i arbeidet med å få til meir datadeling, særleg deling av språkdata. Samarbeidet med Digitaliseringsdirektoratet vil halda fram i 2024, både med ressursenteret og på direktørnivå.

### Nynorsk i skulen

Språkrådet arbeider for å sikra god opplæring i og på bokmål og nynorsk gjennom heile utdanningsløpet. Nøkkelen ligg hos lærarane og i lærarutdanninga. I 2023 har me derfor prioritert å kartleggja korleis lærarutdanningane dokumenterer og sikrar nynorskkompetansen hos studentane.

Kartlegginga er gjennomført av Nynorsksenteret ved Høgskulen i Volda og viser at mange studentar kan fullføra studia utan å bli vurderte i nynorsk i det heile. Det er mange vegar inn i læraryrket, og kartlegginga omfattar både dei som tek grunnskulelærarutdanning, dei som tek lektorprogram, og dei som tek praktisk-pedagogisk utdanning. I nokre av desse studievegane blir ikkje norskkompetansen til studentane sikra.

Studentar i grunnskulelærarutdanninga som har norsk i fagkrinsen, får vanlegvis nynorskkompetansen sin vurdert gjennom arbeidskrav eller på eksamen på fleire tidspunkt gjennom utdanninga. Men nynorsk- og bokmålskompetansen blir sjeldan vurderte på lik linje. Ved dei fleste utdanningsinstitusjonane blir nynorskkompetansen testa ved heimeeksamenar (eksamenar utan tilsyn), medan bokmålskompetansen blir testa ved skuleeksamenar (eksamenar med tilsyn).

Lærarstudentar som ikkje har norsk i fagkrinsen, får med svært få unntak ikkje vurdert nynorskkompetansen sin gjennom utdanninga. Viss ikkje utdanningsinstitusjonane sikrar nynorskkompetansen på andre måtar, går desse studentane ut i læraryrket utan meir nynorskkompetanse enn det dei har med seg frå vidaregåande opplæring. Det råkar dei over 73 000 elevane i Noreg som skal ha undervisning og oppfølging på nynorsk i alle fag, og det råkar alle elevar som skal ha opplæring i nynorsk som sidemål.



Funna i rapporten viser tydeleg at når forskrifta til rammeplanen krev nynorskkompetanse, blir det gjort meir for å sikra nynorskkompetansen til lærarstudentane. Eit viktig arbeid framover blir derfor å sørgja for tydelege krav i forskrifta og å få norsk inn att som ein obligatorisk del av grunnskulelærarutdanninga for 5. til 10. steg. Språkrådet har i høyringssvar peika på at alle rammeplanane må sikra at lærarutdanningane gjev studentane den norskkompetansen dei treng for å meistra og bruka både nynorsk og bokmål i profesjonssamanheng.

#### **Kvensk språkpris til Tove Raappana Reibo**

Den kvenske språkprisen for 2023 gjekk til Tove Raappana Reibo, som er språk- og prosjektarbeidar ved Haltiin kväänisentteri – Halti kvenkultursenter i Nordreisa. Ho har i ei årrekke arbeidd for å læra nye generasjonar det kvenske språket.

Den kvenske språkprisen er oppretta av Språkrådet for å fremja, utvikla og ta vare på det kvenske språket. Prisen blir delt ut annakvart år til enkeltpersonar, grupper, organisasjonar, foreiningar eller institusjonar som har gjort ein stor innsats for å fremja det kvenske språket.

Juryen uttala at prisen til Raappana Reibo var ein pris til alle eldsjelene som deltok i kvensk språkopplæring, og at Reibo var ei av dei fremste, dyktigaste og mest engasjerte. Prisen gjev merksemd om kvensk språk og språkopplæring, med særleg vekt på kvenskopp-læring for barn.

Språkrådet er sekretariat for prisen.

#### **Ein fornya teiknspråkpolitikk**

2023 vart eit viktig år for norsk teiknspråk. I juni vart NOU-en *Tegnspråk for livet* overlevert til kultur- og likestillingsministeren. NOU-en gjer greie for korleis tilgangen til norsk teiknspråk kan bli betre i ulike sektorar, og utvalet bak NOU-en har kome med ei rekke framlegg til tiltak for å verna og fremja norsk teiknspråk. NOU-en er eit viktig grunnlag for å prioritera Språkrådets innsats på feltet i åra framover. Hausten 2023 har Språkrådet arbeidd med å gå gjennom vurderingane og framlegga frå utvalet, og me har utarbeidd eit høyringssvar.

Statped er ein av dei viktigaste aktørane på teiknspråkfeltet og er såleis ein strategisk og sentral samarbeidspartnar for Språkrådet. Språkrådet har i 2023



«13–19-åringar er ikkje alltid i stand til å vurdera kva hjelpemiddel som er nyttigast med tanke på læring. For store krav til sjølvregulering går ut over læringskapasiteten.»

Kjersti Rognes Solbu,  
lærer ved Fyllingsdalen vidaregåande skule,  
på seminaret Chatbot og betring

inngått ein ny samarbeidsavtale med Statped, med føremål om å arbeida saman for å verna og fremja norsk teiknspråk i tråd med føresegnene i språklova. Avtalen slår fast at verksemdene mellom anna skal samarbeida om kunnskapsinnhenting og kunnskapsdeling og arbeida for relevant terminologiutvikling på Statpeds fagområde. I eit møte på direktørnivå hausten 2023 vart verksemdene samde om å samarbeida om å utvikla rettleiingsmateriell om norsk teiknspråk retta mot foreldre til døve og høyrselshemma barn. Målet med samarbeidet er å styrkja tilgangen til norsk teiknspråk i denne barnegruppa.

I året som har gått, har Språkrådet gjort fleire framstøytar overfor statsorgan for å implementera språkpolitikken på teiknspråkfeltet i ulike sektorar:

- Språkrådet har vore i kontakt med Utdanningsdirektoratet om moglegheita for å gjennomføra eit nasjonalt tilsyn med retten til opplæring i og på teiknspråk, slik han er slått fast i opplæringslova. Språkrådet vil halda fram dialogen med tilsynsorgana i 2024.
- Språkrådet har møtt det nyoppretta høyrselregisteret ved St. Olavs hospital og mellom anna drøfta korleis data frå registeret kan brukast i forskning på norsk teiknspråk og til å utvikla statistikk på teiknspråkfeltet.
- Språkrådet har hatt møte med Helse- og omsorgsdepartementet, der temaet var den nasjonale faglege retningslinja *Hørsel hos små barn*

0–3 år. Ei undersøking gjennomført av Proba samfunnsanalyse i 2022, *Kartlegging av barns tidlige tilgang til norsk tegnspråk*, peikar på at retningslinja ikkje samsvarar med statusen til norsk teiknspråk, og at ho bør reviderast. Helse- og omsorgsdepartementet har varsla ein gjennomgang av retningslinja i 2024.

## ANDRE TILTAK UNDER DELMÅL 2

- I 2023 vart den internasjonale standarden for klart språk lansert. (Sjå omtale under Internasjonalt samarbeid og Utvalde høgdepunkt.) Språkrådet har delteke i ISO-ekspertgruppa og meiner standarden er eit viktig verktøy for offentleg sektor i Noreg, som etter språklova § 9 har plikt til å kommunisera klart, korrekt og mottakartilpassa.
- Til høyringa om framlegg til nasjonalt program for offisiell statistikk for perioden 2024–2027 har Språkrådet peika på at det trengst statistikk om bokmål og nynorsk i grunnskulen og i vidaregåande opplæring.

# KI i offentleg tenesteyting

2023 var året då ChatGPT, tekstrobotar og kunstig intelligens vart allemannseige. Kva moglegheiter og utfordringar gjev det for små språk? Blir dei meir synlege fordi det blir lettare å omsetja tekst til desse språka? Eller vil denne teknologien òg fungera best for dei store språka?

## Helsebot i kvart ord

KI-teknologi basert på såkalla store språkmodellar har ført til eit taktskifte på språkteknologifeltet. Helsesektoren har skjønna at for at KI skal forstå og generera helsespråk, må me ha språkmodellar som blir trena på nettopp helsespråk.

For at KI skal fungera i ein norsk helsefagleg kontekst, treng me språkmodellar som tek omsyn til norsk (helse)kultur og norsk (fag)språk. For å leggja grunnlaget for ei slik utvikling byggjer Helse

*«Digitaliseringa endrar vilkåra for tekstproduksjon.»*

Vest IKT ein helsefagleg språkmodell basert på norske journaltekstar, der personvernet er vareteke. I tillegg arbeider språkbanken saman med Direktoratet for e-helse med eit helsefagleg tekstkorpus.

Det som kjem ut av ei maskin, er berre så godt som det menneska mata maskina med. Språket ein brukar i fagtekstar, legg grunnlaget for dei neste språkteknologiske nyvinningane. I botnen ligg eit gjennomarbeidd og eintydig fagspråk.





KI var tema på eitt av dei tre seminara som Direktoratet for e-helse, Gruppe for medisinsk fagspråk og Språkrådet arrangerte i lag i 2023.

#### Kan offentleg tilsette bruka KI på jobb?

Tilsette i forvaltninga produserer mykje tekst kvar dag. Er det greitt å be om hjelp frå ein KI-basert tekstrobot, eller bør offentleg tilsette tenkja seg om to gonger?

– Språkmodellar som ChatGPT og Google Bard kjem til å påverka og effektivisera arbeidet i det

*«Nøkkelen bør vera at tekstane skal vera kortare, klarare og færre enn i dag.»*

Jo Christian Oterhals,  
NTB

offentlege. Men det gjeld å halda hovudet kaldt. Eg trur ikkje det er mange innbyggjarar som vil ha meir tekst frå det offentlege. Nøkkelen bør vera at tekstane skal vera kortare, klarare og færre enn i dag. Om me greier det, har me fått til eit reelt paradigmeskifte til nytte og glede for nordmenn flest, seier Jo Christian Oterhals, utviklar i NTB.

Tekstrobotar kan altså vera nyttige verktøy på jobben, og dei har mange bruksområde for tilsette i det offentlege. Men robotar som



«Ein norsk tekstrobot må vera god på norsk språk og norske forhold, og me må ha innsyn i korleis han fungerer.»

Jo Christian Oterhals,  
NTB

ChatGPT er ikkje trena i norske skrivereglar, og dei er mata med tekstar som tek utgangspunkt i samfunnet i USA. Om offentleg sektor i Noreg skal ta i bruk tekstrobotar i stor skala, bør me ha meir innsyn i korleis modellane fungerer.

Oterhals meiner løysinga ligg i at norske styresmakter er med på utviklinga av ein norsk tekstrobot.

– Ein norsk tekstrobot må vera god på norsk språk og norske forhold, og me må ha innsyn i korleis han fungerer, og kva han blir basert på og mata med.

**Kan laga meir tekst på små språk**  
Digitaliseringa endrar vilkåra for tekstproduksjon: Me får meir

tekst og færre skribentar, og betre omsetjingsverktøy for små språk gjer det lettare å produsera meir tekst på små språk. Apertium og Nynorskroboten er døme på omsetjingsverktøy som allereie er tekne i bruk i det offentlege for å oppfylle lovkravet om minst 25 prosent nynorsk og bokmål i tekstar. Nye Stavanger kommune har gode erfaringar.

– Ved kommunesamanslåinga fekk Stavanger kommune fleire nynorskbrukarar, og me valde derfor å gje alle kommunetilsette tilgang til ein nynorskrobot, som gjer det mogleg å produsera større mengder tekst på god nynorsk. Verktøyet fungerer kjempebra – til og med på saksframleggsmalane til kommunen, seier Unni Berland,

prosjektleiar for språkarbeidet i Stavanger kommune.

#### **Portal for små språk i Norden**

Borealium er ein nettportal med verktøy og hjelpemiddel for små, nordiske språk. Her er det samla stavekontrollar, grammatikkkontrollar, ordbøker og tastatur for mellom anna samiske språk, kvensk, grønlandsk, islandsk og færøysk.

Utviklinga av Borealium er finansiert av Nordisk ministerråd. Initiativet til å laga portalen kom frå Arbeidsgruppa for språkteknologi i Norden (ASTIN). Vedlikehald og administrasjon blir teke hand om av Divvun og Giellatekno ved UiT Noregs arktiske universitet.

Seminar om språkteknologi



# Chatbot og betring

16. mars 2023 arrangerte Språkrådet eit seminar om språk- og omsetjingsteknologi, robotjournalistikk og ChatGPT i samarbeid med Nynorsk pressekontor, NTB Arkitektst og Nasjonalbiblioteket. Innleiarar frå forskinga og forvaltninga, frå journalistikken og frå skulesektoren diskuterte kva som finst av teknologi på området i dag, og korleis framtida kan koma til å sjå ut. Korleis kjem teknologien til å påverka opplæringa og vurderinga i skulen og den høgare utdanninga? Og kva skjer med den faglege kvaliteten, kunnskapen og sjølv språket?

## Høyrte på seminaret:

*– Alle språka våre er bruksspråk, me må sjå dei i bruk. Det gjeld minoritetsspråka, norsk teiknspråk, dei samiske språka. Det gjeld nynorsk, og det gjeld bokmål.*

(Karoline Riise Kristiansen, språksjef i NRK)

*– Me var blant dei første som tok i bruk Nynorskroboten. Dermed fekk me vera med på eit språkpolitisk samfunnsprosjekt ved å gje meir nynorsk til fleire.*

(Karoline Riise Kristiansen, språksjef i NRK)

*– ChatGPT lyg alltid, men han lyg minst når han får tekst å jobba med.*

(Jo Christian Oterhals, NTB)


*– Me ønskjer oss ein digital infrastruktur som er tilpassa skule og læringsprosessar, der me har høve til å slå på dei læringsressursane me meiner er nyttige, og slå av dei me meiner er forstyrrende for den læringa me held på med.*

(Kjersti Rognes Solbu,

lærer ved Fyllingsdalen vidaregåande skule)

*– ChatGPT «forstår» deg, men det beste er om du forstår ChatGPT. Du må læra å spørja på ein spesiell måte.*

(Jo Christian Oterhals, NTB)



# Delmål 3

Språkpolitikken blir følgd opp som sektorovergripande politikkområde.





## Vesentlege forhold i 2023

For at lovverket og politikken på språkfeltet skal verka, må alle sektorar ta det språkpolitiske ansvaret sitt.

Språkrådet har i året som gjekk, lagt vekt på å utvikla relevante rettleiingsressursar, etablera viktige samarbeid og utvikla språkarbeidet på sektorområde som er særleg viktige for gode og effektive tenester til innbyggjarane, og som skal leggja til rette for samfunnsdeltaking og god inkludering. Også i 2023 har kunnskapssektoren og helsesektoren vore prioriterte, i tråd med dei overordna strategiane til Språkrådet.



## Språkrådets verkemiddel og resultat

### Spørsmål og svar om språklova

Det er stor merksemd kring språklova blant tilsette i offentlig sektor. I 2023 fekk Språkrådet inn fleire hundre spørsmål om korleis lova skal tolkast og etterlevast: Kan eit norsk statsorgan ha nettsideinformasjon berre på engelsk? Gjev klarspråksparagrafen enkeltpersonar konkrete rettar? Kva tyder eigentleg «fleirtalsspråk» i språklova? Og kan ein krevja svar på nynorsk frå ein bokmålskommune?

Ein del av spørsmåla har me svara på under «Spørsmål og svar» på nettsidene våre om språklova. Andre spørsmål er mindre beint framme, til dømes spørsmål om verkeområdet for språklova. Spørsmåla vil vonleg bli lettare å avklara når forskrifta til språklova kjem. Forskrifta er under utarbeiding hos Kultur- og likestillingsdepartementet.

### Betre språk i lover og forskrifter

Stadig fleire utval og departement tek kontakt med Språkrådet for å få hjelp med språket i lover eller forskrifter. På dette feltet har Språkrådet spisskompetanse, men få ressursar. Me må prioritera å gje ekspertråd og rettleiing til utval og departement som skriv lover og forskrifter som skal nyttast av mange. Språkrådet har i 2023 gjeve rettleiing i samband med

- universitets- og høgskulelova
- husleigelova
- byggtknisk forskrift
- forskrift til opplæringslova
- arkivlova
- forskrift til arkivlova

Språkrådet ser at arbeidet me legg ned på dette feltet, har stor effekt. Men behovet for ekspertise og rettleiingskompetanse på lovspråk er mykje større

enn me har ressursar til. Høg språkleg kvalitet på lovarbeid i alle sektorar krev ei vesentleg styrking av dette feltet.

#### **Fleire språklege råd i sentrale rettleiingar for lovskrivarar?**

Språkrådet har utarbeidd mykje rettleiingsmateriell for dei som skal skriva regelverk, mellom anna heftet *Godt språk i regelverk*. I arbeidet vårt med å hjelpa lovutval og departement med språkråd ser me at dei som skriv regelverk, treng betre tilgang til rettleiingsressursar. I 2023 har me derfor hatt møte med leiinga i lovavdelinga i Justis- og beredskapsdepartementet, som er i gang med å oppdatere den overordna rettleiinga *Lovteknikk og lovforberedelse*. Språkrådet ser at denne rettleiinga må innehalda fleire og meir konkrete føringar om språk og tilvisingar til språklova. Me har derfor gjeve Justis- og beredskapsdepartementet konkrete framlegg, men det er enno uvisst kva departementet vil gjera.

#### **Viktig kvalitetssikring av ordbøker og ordlister til skulebruk**

Etter opplæringslova § 9-4 skal Språkrådet godkjenne ordbøker og ordlister til bruk i skulen. Språkrådet kjenner til at fleire ressursar som ikkje har vore til godkjenning, likevel har vore i bruk i skulen. Det gjeld mellom anna somme av dei mest bruka ordbøkene. Språkrådet har i 2023 derfor prioritert oppgåva med å godkjenne ordbøker og ordlister til skulebruk. Godkjenningsarbeidet er i gang att, og Språkrådet har etablert kontakt både med Utdanningsdirektoratet og med dei som utviklar ordboks- og ordlisterressursar til skulebruk. Det vart søkt om godkjenning for elleve verk i 2023. Fire av verka er ferdig vurderte, og dei andre blir det i løpet av våren 2024. Språkrådet har òg vore i dialog med redaksjonane hos dei to store dokumentasjonsordbøkene NAOB og Norsk Ordbok om korleis ordbøkene kan oppdaterast med informasjon om gjeldande rettskriving. Dette arbeidet vil halda fram i 2024.

#### **Meir helseterminologi på nynorsk**

I helsesektoren har det sidan 2019 vore ei omfattande satsing på felles helsespråk i regi av Direktoratet for e-helse. Satsinga skal mellom anna sørja for eit økosystem for helsefagleg terminologi og helsefaglege kodeverk og leggja til rette for utveksling av data i helse- og omsorgssektoren.

Ein stor del av den internasjonale terminologien SNOMED CT, som er vald som omgrepsapparat i satsinga, er nå omsett til norsk, men førebels nesten berre til bokmål. Sidan satsinga starta, har Språkrådet understreka at terminologi må utviklast på begge dei norske skriftspråka. Me har mellom anna teke dette opp som medlem av det nasjonale redaksjonsutvalet for omsetjing av SNOMED CT.

I 2023 inngjekk Direktoratet for e-helse eit samarbeid med Termportalen for å tetta gapet mellom talet på bokmålstermar og talet på nynorskstermar i SNOMED CT. Direktoratet legg nå til nynorskstermar kvar gong dei skal redigera eller leggja til bokmålstermar. Dette er eit viktig steg i rett retning, men det er framleis eit stykke att før talet på nynorskstermar svarar til talet på bokmålstermar.

Språkrådet deltek òg i ei gruppe for norsk medisinsk fagspråk, som vart etablert i 2015. I gruppa sit medlemmer frå helsetenesta, academia og statsforvaltninga. Arbeidet i gruppa har mellom anna bidrege til utgjevinga av to bøker om helsespråk. I samband med lanseringa av den siste boka arrangerte Språkrådet eit seminar i samarbeid med gruppa og Direktoratet for e-helse. Gruppa har i forlenginga etablert eit nettverk med sentrale aktørar i helsesektoren og har sett i gang ei seminarrekke om helsespråk. I 2023 vart det til saman arrangert tre seminar. Bøkene og seminara har sett helsespråk på dagsordenen blant sentrale aktørar i helsesektoren. Artiklar frå bøkene har vorte publiserte på nytt i Tidsskrift for Den norske legeförening og andre helsetidsskrift, og dei har fått brei omtale i den medisinske fagpressa.



## Møteplassar for fagutvikling, fagformidling og lovetterleving

### Nettseminar

Språkrådet har i 2023 arrangert fire nettseminar i samarbeid med KS. Målet med seminara er å gje god informasjon om språkpolitikken, spesielt klarspråk, og dermed både inspirera og setja offentlege organ i stand til å ta sektoransvaret dei har etter språklova. Seminara har i snitt hatt 1200 påmelde deltakarar frå ulike sektorar i stat og kommune. I seminara formidlar inviterte innleiarar frå offentlege og private verksemder i inn- og utland oppdatert kunnskap om språkarbeid og språkpolitikk. Seminara har god balanse mellom praktiske tema og meir overordna språkpolitiske tema. Deltakartala og engasjementet i seminarchatten vitnar om at språkfaglege innlegg med praktiske råd og konkrete døme frå språkarbeid i andre verksemder er dei mest populære blant publikum.

Desse seminara er svært ressurseffektive. Dei når mange, byggjer gode nettverk og bringar nye perspektiv til torgs. På grunn av den store deltakinga meiner Språkrådet at effekten av desse nettseminara er høg målt opp mot arbeidsinnsatsen.

I 2023 har Språkrådet tematisert

- korleis språkarbeid er forvaltnings- og demokratiarbeid, med innlegg frå kommunane Sunnfjord, Follo og Bergen
  - korleis ein kan følgja opp språklova i praksis, med innlegg frå mellom anna Nav, Statens pensjonskasse, Vestland fylkeskommune, Miljødirektoratet og skatteetaten
  - korleis ein kan tenkja vidare om klarspråksarbeid, med innlegg frå sannings- og forsoningskommissjonen og Sámi allaskuvla – Samisk høgskole
  - effektar av klarspråksarbeid, med innlegg frå kommunane Bergen og Tønsberg
- reine språkfaglege innlegg, til dømes korleis me kan kombinera fagspråk og klarspråk
  - metodar, mellom anna for effektmåling, brukarinvolvering og tekstvurdering
  - internasjonale hendingar, til dømes om verdas første internasjonale standard for klarspråk og om ny klarspråkslov på New Zealand

### Fysisk møteplass

Offentlege organ som har jobba ei stund med klarspråk, ønskjer å vera med på å utvikla fagfeltet vidare og å diskutera klarspråk på eit høgare nivå. Derfor arrangerte Språkrådet og KS eit fysisk klarspråkstreff for 60 inviterte deltakarar frå stat, kommune, akademia, media og språkbyrå. Treffet var inspirert av konseptet «antikonferanse», der innhaldet er deltakarstyrt. Målet var å dela erfaringar og ha fagdiskusjonar om tema som deltakarane kunne melda inn.

I tillegg til overordna tema som språk og makt, prosjektpresentasjonar og samtalar om inkluderande språk og språklova vart det kafésamtalar der ulike tema stod på menyen, som:

- Korleis kan me sikra klart språk i samskrivingsprosessar?
- Korleis kan me overtyda fagpersonar om at det ikkje går ut over det faglege innhaldet når me skriv klart språk?
- Korleis kan me gjera informasjonen på nett og i brev meir forståeleg for personar med andre førstespråk enn norsk og personar med lesevanskar?

### Klarspråksprisane for 2023

Klarspråksprisane for kommune og stat gjekk i 2023 til høvesvis Sunnfjord kommune og Miljødirektoratet. Prisane er forvaltningsprisar og blir delte ut av Kommunal- og distriktsdepartementet. Kommunal- og distriktsminister Sigbjørn Gjelsvik delte ut prisane 27. mars, på arrangementet Krafta i klart språk. Språkrådet, KS og Digitaliseringsdirektoratet stod bak arrangementet, og Språkrådet er sekretariat for prisen.

Desse prisane viser fram breidda i språkarbeidet i stat og kommune og får understreka at språkarbeid er grunnleggjande forvaltningsarbeid.

Sunnfjord kommune vart til i 2020 då fire kommunar slo seg saman. Kommunen såg tidleg at språkarbeid var ein måte å byggja ei ny og god verksemd på. Juryen la særleg merke til at kommunen arbeider med språk og annan kommunikasjon i eit demokrati-perspektiv.

Den statlege klarspråksprisen gjekk til Miljødirektoratet. Den fekk dei mellom anna for gode resultat av tverrfagleg samarbeid mellom juristar, arkivarar og kommunikasjonsmedarbeidarar. Direktoratet kan kunsten å sameina komplisert juridisk språk og god formidling, mellom anna gjennom systematisk brukartesting og brukarinvolvering. På desse områda er dei eit førebilete for andre.

### Rettleiing om språkpolitikk i kultur- og mediesektoren

Språkrådet har i 2023 gjeve innspel til fleire prosessar i kultur- og mediesektoren. Gjennom grundig og strukturert arbeid med høyringar bidreg Språkrådet til å byggja opp kjennskapen til språklvgjevinga og den sektorovergripande språkpolitikken i kultursektoren. I innspelet til regjeringa sin komande lese-lyststrategi peika Språkrådet på at strategien må ta høgde for måla i språkpolitikken og ta særlege omsyn

til mindretalsspråka som er omfatta av språklova – både nynorsk, dei samiske språka og dei nasjonale minoritetsspråka. Me gav tilsvarande innspel i høyringsrunden om endringar i kulturlova. Språkrådet har teke kontakt med Norsk filminstitutt for å følgja opp den sektorovergripande språkpolitikken på felte film og dataspel. Dette er prioriterte felt, sidan norsk (både bokmål og nynorsk) står svakt i desse kulturuttrykka. Særleg er nynorsk nærast fråverande.

### Eksamen på feil norsk skriftspråk

Studentar ved universitet og høgskular skal kunna velja om dei vil ha eksamensoppgåver på nynorsk eller bokmål. Ein del lærestader bryt kvart år regelverket og gjev studentar som ønskjer nynorsk, oppgåver på bokmål. Studentane kan klaga til lærestaden, og Språkrådet får kopi av klagen. Me har grunn til å tru at mørketala er store.

Språkrådet følgjer opp dei klagane me får melding om. I 2023 la me om rutinane våre slik at lærestadene får meir systematiske meldingar om desse lovbrota. Med dei nye rutinane får me vist tydelegare kva for lærestader som har størst problem med å følgja regelverket, og me får avdekt rutinebrot eller problem ved dei digitale systema hos lærestadene.

### Høyringar om språk, arbeidsliv og integrering

I 2023 var det fleire språkpolitisk relevante høyringar på arbeidslivsfeltet og tilgrensande delar av integreringsfeltet. Gjennom høyringssvar bidreg Språkrådet til å styrkja kjennskapen til språklova og språkpolitikken i desse sektorane. Språkrådet leverte høyringssvar til NOU 2022: 18 *Mellom mobilitet og migrasjon* frå arbeidsinnvandrartutvalet og stødde forslaget om rett til norskopplæring for arbeidsinnvandrarar. Språkrådet meiner denne retten vil bidra til det språkpolitiske målet om at alle som oppheld seg i Noreg over tid, skal kunna læra seg og kunna bruka norsk. Språkrådet la vekt på at det er viktig både for



samfunnet, for tryggleik og miljø i arbeidslivet og for rettane og interessene til enkeltpersonane det gjeld, at arbeidsinnvandrarar får tilgang til norsk. Språkrådet framheva kor viktig fellesspråk er for tryggleiken på arbeidsplassen. Det gjorde me òg i høyringssvaret til endringane i regelverket om offentlege innkjøp og byggherreforskrifta.

Språkrådet har også levert høyringssvar om dei mellombelse reglane i lovverket som gjeld fordrivne frå Ukraina. Der framheva Språkrådet at denne gruppa vil trenga god norskopplæring, særleg om dei endar med å bli verande i Noreg over tid.

### ANDRE TILTAK UNDER DELMÅL 3

#### Språkrådet gjer det lettare å seia frå om brot på språklova

I 2023 har Språkrådet publisert ferdige brevmalar som skal gjera det lettare å gje melding til den ansvarlege instansen dersom ein har fått ein tekst eller ei melding på feil norsk skriftspråk, eller dersom ein til dømes må nytta ei digital teneste som ikkje finst på nynorsk. Det finst ein mal for privatpersonar, ein for organisasjonar og ein for kommunar og fylkeskommunar. Malane skal senka terskelen for å melda frå om lovbrott og på sikt betra lovetterlevinga. Dei ligg på nettsidene våre.

# Hovudleverandør av norsk språk

Akademia forsyner resten av samfunnet med faguttrykk på norsk. Kunnskapssektoren er dermed svært viktig for det norske språket i heile samfunnet. I 2023 tok sektoren fleire grep for å følgja opp språkansvaret på eigne felt.

16. juni vart forslaget til ny universitets- og høgskulelov lagt fram, og berre to dagar tidlegare lanserte Kunnskapsdepartementet ein handlingsplan for norsk fagspråk i akademia. I løpet av ei veke vart det dermed lagt fram to styringsdokument som har stor innverknad på språksituasjonen i Noreg. Etter sommarferien skjedde det også store ting: 8. september opna Termportalen ved Universitetet i Bergen.

Desse tre hendingane skal bidra til eit systematisk språkarbeid og reversera svekkinga av norsk språk i universitets- og høgskulesektoren.

– Norsk er under sterkt press frå engelsk, særleg i akademia. Institusjonane har allereie eit lovpålagt ansvar for å halda ved

like og vidareutvikla norsk fagspråk, men me veit at ansvaret ikkje blir følgt opp godt nok. Med den nye lova blir dette ansvaret gjort endå tydelegare. Nå ser me at Kunnskapsdepartementet tek eit viktig språkpolitisk ansvar, og her er dei eit godt førebilete for andre samfunnssektorar, seier språkrådsdirektør Åse Wetås.

## Paragraf om fagspråk

Den nye universitets- og høgskulelova har ein eigen paragraf om norsk og samisk fagspråk. I paragrafen står det mellom anna at universitet og høgskular skal bruka, utvikla og styrkja norsk fagspråk, både bokmål og nynorsk, og at undervisnings-språket i hovudsak skal vera norsk eller samisk, med mindre det er særskilde grunnar til at ein

bør bruka engelsk eller eit anna framandspråk.

– Lova understrekar det store språkansvaret akademia har. Lova gjer det òg tydeleg at me i Noreg har eit språkmangfald der både nynorsk, bokmål og samiske språk er forvaltningsspråk. Skal desse språka vera levande og moglege å bruka på alle område i samfunnet, må universiteta og høgskulane arbeida systematisk og langsiktig med fagspråk, seier Wetås.

I proposisjonen som følgjer med forslaget til ny lov, står det mellom anna at

- norsk eller samisk skal vera hovudspråket ved norske universitet og høgskular



## «Med ny lov, komande forskrifter og ein handlingsplan vil kunnkapssektoren vera godt rusta til å arbeida med språk framover.»

Åse Wetås,  
direktør i Språkrådet

- framandspråk kan nyttast når det tener eit føremål, men at bruken skal vera reflektert og ikkje skje på automatikk
- institusjonane må utvikla terminologi på bokmål og nynorsk i takt med importen av engelskspråkleg terminologi
- Kunnskapsdepartementet forventar at institusjonane arbeider systematisk og langsiktig med terminologi, og at dei bidreg til utviklinga av Termportalen

Det vil òg koma forskrifter som presiserer innhaldet i paragrafen om norsk og samiske språk.

– Med ny lov, komande forskrifter og ein handlingsplan vil sektoren vera godt rusta til å arbeida med språk framover. Dette er svært gode nyheiter for både studentar, tilsette i akademia og samfunnet som heilskap, seier Wetås.

### Milepæl for norsk terminologiarbeid

Termportalen, ein nasjonal portal for terminologi, vart offisielt opna 8. september ved Universitetet

i Bergen. Portalen skal bidra til å sikra eit systematisk språkarbeid over tid og til at termar på både bokmål og nynorsk blir utvikla og delte i forskingsmiljøa i takt med den internasjonale utviklinga i faga.

Leiaren av Termportalen, Marita Kristiansen, kallar det ein milepæl, og ho gler seg over at det endeleg finst eit nasjonalt fagmiljø som arbeider for norsk fagspråk og tilgjengeleggjering av norsk terminologi.

### Ikkje vaffelsteiking

Opninga av Termportalen vart markert med arrangementet Frå ord til handling: tid for terminologiarbeid i akademia. Dei nye føringane i handlingsplanen for norsk fagspråk i akademia vart kommenterte og diskuterte på arrangementet.

Rektor ved UiB, Margareth Hagen, understreka at språkrøkt i akademia nå må få prioritet.

– Det er tid for handling, og språkrøkt er handling, eit arbeid. Og det er eit arbeid som må utførast


av folk som har kompetanse til å gjera det.

Debattmoderator Siri Kleiven Strøm peika på at delar av terminologiarbeidet ved Termportalen er avhengig av dugnadsarbeid, og lurte på om det blir vanskeleg å motivera akademikarar til å bidra. Paneldeltakar Erlend Hem, professor ved Universitetet i Oslo, meinte at gode insentiv er nøkkelen:

– Viss det blir lagt til rette for det, vil både studentar og tilsette bidra.

Språkrådsdirektør Åse Wetås var samd i at terminologiarbeidet har vore avhengig av eldsjeler, men åtvare mot å bruka ordet dugnad i denne samanhengen.

– Dette er ikkje dugnadsarbeid på linje med vaffelsteiking. Det er arbeid som krev spesifikk kompetanse, og som fortener kompensasjon.



# Delmål 4

Det skal vera god systematikk i forvaltning og tilsyn med lovverket på språkfeltet.





## Vesentlege forhold i 2023

Språkrådet har i 2023 lagt ned mykje arbeid i å utvikla tilsynet med korleis statsorgana etterlever reglane i språklova om bruk av bokmål og nynorsk. Frametter blir tilsynsarbeidet risikobasert og meir automatisert, og statsorgan som produserer mykje og viktig tekst med stor rekkjevidde, skal få meir rettleiing og oppfølging. Målet er at innbyggjarane i Noreg får dei språklege rettane sine oppfylte i møte med staten.

Språkrådet bidreg med å henta inn kunnskap om og analysera språksituasjonen i Noreg, men behovet for forskning på fagområda der Språkrådet har forvaltningsoppgåver, er stadig meir presserande. I juni presenterte Telemarksforsking rapporten *Et samfunnsbærende språk*, finansiert av Kultur- og likestillingsdepartementet. Rapporten analyserer behovet for eit fast forskings- og utviklingsmiljø for norsk språk. I samband med framlegget til statsbudsjett for 2024 presenterte regjeringa planar for å lysa ut midlar til ei femårig satsing på eit forskingssenter som skal levera den forskinga som trengst for å sikra ei god oppfølging av lovverket og politikken på språkfeltet. Dette er svært gledeleg!





## Språkrådets verkemiddel og resultat

### Tilsyn med og rettleiing om språklova

Språkrådet har i 2023 halde fram med å laga rettleiingsmateriell for verksemder som har oppgåver etter språklova. Nettsidene om språklova har fått ny struktur og ei stor samling med spørsmål og svar om språklova. Det er laga korte, digitale lynkurs om språklova for fylkeskommunar og statsorgan. I tillegg er det laga lynkurs om mønsterpraksis, altså rettleiing om korleis språklova kan etterlevast. Det er òg utarbeidd ferdige malar til dei som vil klaga på brot på lova (sjå omtale under delmål 3).

I tilsynet med bruken av bokmål og nynorsk i staten har me innhenta kunnskap frå andre statlege tilsyn og teke nokre større grep. Frametter blir tilsynet både meir automatisert og risikobasert, og me skal få endå betre balanse mellom kontroll og rettleiing. Gjennom tilsynsdialogen med departement og underliggjande etatar får Språkrådet kunnskap om konkrete situasjonar og problem, slik at me kan gje råd som er tilpassa røynda og utviklinga, og som er i tråd med føremåla med språklova.

For departementa sett under eitt har det vore ein markert auke i nynorskprosenten i stortingsmeldingar og stortingsproposisjonar dei to siste åra. Nynorskdelen i slike dokument er nå komen opp i 30 prosent, frå 17 prosent i 2021. Det er det høgaste nivået som er notert sidan registreringa tok til i 1994.

### Oppfølging av stadnamnlova og innsamling av stadnamn

Språkrådet skal etter stadnamnlova gje tilrådingar og svara på spørsmål i saker som gjeld norske og kvenske stadnamn, medan Sametinget gjer det tilsvarande for samiske namn. I 2023 gav Språkrådet tilråding i 508 saker om norske stadnamn og i 18 saker om kvenske. Dei fleste sakene gjeld fleire namn i éin kommune.

Dei siste åra har Språkrådet hatt mykje kontakt med kollektivselskapet Skyss i Vestland fylkeskommune om ein samla gjennomgang av både namngjeving og skrivemåte av stoppestadene i tolv vestlandskommunar. I dette prosjektet kom Språkrådet òg i kontakt med det statseigde selskapet Entur AS, som skal følgja opp skrivemåten av stoppestader på vegner av Jernbanedirektoratet. Stoppestader og



stasjonar ber ofte godt synlege stadnamn, derfor er det viktig med god namneskikk og rett og einsarta skrivemåte.


Språkrådet kan etter stadnamnforskrifta vedta utfyllande reglar om skrivemåten av norske og kvenske stadnamn. Det vart i 2018 vedteke eit sett med reglar for skrivemåten av norske stadnamn. Desse reglane bygde i hovudsak på tidlegare forskrifter, men med nokre endringar i tråd med føringane om at kommunane skal kunna velja fleire dialektnære skrivemåtar.

For kvenske stadnamn har det derimot ikkje vorte vedteke slike utfyllande reglar, men det har vore ein innarbeidd praksis å følgja dei kvenske rettskrivingsprinsippa med tilpassing til den lokale uttalen. I 2023 vart eit framlegg som byggjer på denne praksisen, sendt til høyring, og det kom inn seks fråsegner.

Samstundes med høyringa om utfyllande reglar for skrivemåten av kvenske stadnamn sende Språkrådet ein revidert versjon av reglane for norske stadnamn på høyring. Bakgrunnen for denne revisjonen er tilbakemeldingar frå kommunane og Kartverket om kva som bør leggjast til eller presiserast, og Språkrådets eigne røynsler med korleis regelverket har fungert. Det kom 20 fråsegner til denne høyringa.

I 2024 vedtek språkrådsstyret dei utfyllande reglane for kvenske stadnamn og dei reviderte reglane for norske namn. Etter dette skal dei godkjennast av Kultur- og likestillingsdepartementet.

Kvart år sidan 2015 har lokale prosjekt fått tilskot til innsamling og registrering av kvenske, samiske og norske stadnamn i ein felles base. Språkrådet forvaltar tilskotsordninga på oppdrag frå departementet, og i 2023 vart 1 414 000 kroner fordelt på 14 prosjekt frå heile landet. I namnebasen er det



## I 2023 gav Språkrådet tilråding i 508 saker om norske stadnamn og i 18 saker om kvenske.

per 15. januar 2024 registrert 149 000 ferdigstilte namn. For Suldal, Kviteseid, Vinje og Gjøvik er det registrert rundt 10 000 namn. Mange av dei innsamla namna har ikkje vore registrerte på kart tidlegare, og tilskotsordninga sikrar at kunnskap om denne viktige delen av kulturarven blir berga for ettertida. Namnebasen er viktig både som bidrag til norsk immateriell kulturarv og som ressurs til bruk i namneforvaltning etter stadnamnlova.

Gjennom heile året heldt Språkrådet fram med å formidla informasjon om e-læringskurset *Vegen til stadnamnet* til kommunane som fekk tilråding i namnesaker. Til nå har totalt 391 brukarar teke delar av eller heile kurset, og 183 har fullført det. Brukarane er i all hovudsak kommunetilsette som arbeider med stadnamnsaker.

### **Styrkt forvaltningskompetanse**

Språkrådet har i 2023 forsterka innsatsen for å arkivera, journalføra og sikra dokumentoffentlegheit. Alle medarbeidarar har gjennomført relevante kompetansetiltak som er utarbeidde av Arkivverket og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). Me har i løpet av året også teke opp relevante forvaltningstema på interne fagmøte. Arbeidet med å styrkja forvaltningskompetansen vil halda fram i 2024.

### **ANDRE TILTAK UNDER DELMÅL 4**

*Spørsmål og svar om språklova, sjå tekst under delmål 3.*

# Grunnmuren i det norske språket må ikkje forvittra

Det blir stadig færre leksikografar, stadnamngranskarar og terminologar. Kven skal vera ekspertar på norsk språk viss me nordmenn ikkje er det?

Ei utgreiing utført av Telemarksforsking i 2023 har avdekt ein stor mangel på kompetanse i språkvitskaplege fag som er sentrale for at Språkrådet skal kunna gjera jobben sin. Det har ikkje vore mogleg å studera namnegransking på universitet eller høgskule sidan 2016. Same år la Noregs handelshøgskole og Universitetet i Bergen ned utdanningane i terminologi. Det finst heller ikkje eit einaste fast studietilbod innanfor leksikografi.

## Små fag med gjennomslag

Innskrenkinga av dei små faga fører mellom anna til at det manglar verktøy som ordbøker og grammatikkressursar, det manglar norske faguttrykk på mange fagområde, og det manglar kompetanse på stadnamnforvaltning i kommunar og fylkeskommunar.

Utan ordlister er det vanskeleg å laga språkteknologi, noko som

er avgjerande for digitaliseringa i samfunnet. Utan eit norsk fagspråk blir det offentlege ordsiftet mindre demokratisk. Utan korrekte stadnamn kan det vera problematisk for nødetatane å finna fram til riktig stad. Dei små norskfaga er med andre ord ikkje berre for spesielt interesserte – dei påverkar kvardagen til oss alle.

Dessutan gjer den manglande kompetansen at det blir vanskeleg å nå eit av hovudmåla i språkpolitikken: å sikra at norsk held fram med å vera eit samfunnsberande språk.

## Blir Bergen berginga?

For å hindra at denne viktige kompetansen går tapt, føreslår Telemarksforsking tre tiltak:

- Det bør byggjast opp eit forskingssenter for norsk språk ved Universitetet i Bergen.

- Det bør etablerast ei forskings- og utviklingseining som ein del av Språkrådet.
- Det bør etablerast ei fast finansiering av forskning på norsk språk av dei relevante departementa, og finansieringa bør kanalisert via Forskringsrådet.

Språkrådet meiner òg det er viktig å etablere eit fast forskingsmiljø som kan ha overblikk over fagfeltet og fremja språkpolitikk på tvers av sektorar, og støt derfor tilrådinga om å leggja eit slikt miljø til Universitetet i Bergen. Der finst det allereie eit stort fagmiljø kring Språksamlingane med Termportalen og eit stort ordbokarbeid.

## Språkmillionar til Bergen

Det kan sjå ut til at tilrådinga frå Telemarksforsking fann vegen rett inn i statsbudsjettet. I oktober 2023 tok minister for forskning og høgare utdanning Sandra Borch



turen til Bergen, og med seg hadde ho 30 millionar kroner.

Desse pengane, som kjem frå Kultur- og likestillingsdepartementet og Kunnskapsdepartementet, skal gå til ei satsing på norsk språk. Noko av pengane skal gå til å etablera eit forskings-senter. Ordninga skal vara i minst fem år, og Forskningsrådet skal lysa ut pengane.

#### **Fire i forvaltninga om eit forskingsmiljø for norsk språk**

– Det norske språket er grunnleggjande for det arbeidet som blir gjort i forvaltninga. Somme oppgåver krev spesialisert kompetanse. Alle med norsk som arbeidsspråk treng ulike ordbøker, verktøy og skrivestøtte.

– Norsk språkvitskap er viktig, og regjeringa vil arbeida for å sikra berekraftige miljø.

#### *Lubna Jaffery, kultur- og likestillingsminister*

– Det norske samfunnet treng fagleg debatt på morsmålet og fagfolk som meistrar og vidareutviklar norsk fagspråk.

– Me vil sikra berekraftige fagmiljø i norsk språkvitskap, inkludert terminologi, leksikografi, namnegranskning og språkteknologi. Universiteta og høgskulane har eit sjølvstendig ansvar for å dimensjonera studietilboda sine i tråd med samfunnsbehova. Me vurderer nå kva for nasjonale tiltak som trengst for å nå måla.

#### *Sandra Borch, minister for forskning og høgare utdanning (2023)*

– Når me stadig driv og skriv, så er det ikkje på grunn av skrivinga i seg sjølv, men det er for å forvalta tenkinga. Og det er på grunn av tenkjeforvaltninga at me treng

desse emna. Her trur eg eit nytt forskingssenter kan bli ein uvurderleg ressurs for oss som står midt i utdanningssektoren med studentar eller elevar. Dette senteret bør brukast!

#### *Leiv Inge Aa, førsteamanuensis i norskdidaktikk ved Institutt for lærarutdanning ved NTNU*

– Språkrådet er bekymra over den alvorlege situasjonen utgreiinga frå Telemarksforsking har avdekt. For kven skal forska på norsk språk i framtida? Livredninga må starta nå, medan det framleis finst fagfolk som kan føra kompetansen sin vidare!

#### *Åse Wetås, direktør i Språkrådet*

# Tilsyn med framsyn

Etter paragraf 19 i språklova skal Språkrådet føra tilsyn med i kva grad statsorgan etterlever reglane som gjeld for veksling mellom nynorsk og bokmål.

I tråd med tillitsreforma i offentleg sektor bør tilsyn i staten vera det ein kallar lærande tilsyn. Kva betyr eigentleg det? Margrethe Kvarenes, som er avdelingsdirektør med ansvar for tilsynsverksemda i Språkrådet, svarar slik:

– Lærande tilsyn betyr at me formar tilsynet i lag med dei me skal føra tilsyn med. Me skal ikkje føra tilsyn som rein kontrollverksemd. Dei me fører tilsyn med, skal få pålitelege tal og god rettleiing, slik at dei lærer meir om korleis dei kan etterleva lova. Det betyr òg at Språkrådet som tilsynsorgan skal læra noko. Når me har tovegs-kontakt med statsorgana, forstår me betre korleis situasjonen er hos dei, kva spørsmål dei har, og kva problem dei balar med. Skal me kunna gje god rettleiing, er det viktig at me forstår stoda hos statsorgana.

Kvarenes viser til eit praktisk døme: I språklova finst det ulike reglar for korleis ein skal bruka nynorsk og bokmål i rettleiingstekstar og

i digitale skjema. Men nokre nettløysingar i staten er ei blanding av rettleiingar og skjema. Dermed stemmer ikkje alltid kartet heilt med terrenget. Gjennom tilsynsdialogen får Språkrådet høve til å forstå utviklinga og greia ut kva reglar som skal gjelda i slike tilfelle, saman med dei som eig slike hybridløysingar.

## Meir er mogleg med Målfrid

Dei siste åra har det skjedd store endringar i måten Språkrådet fører tilsyn på. Tidlegare vart all rapportering gjord manuelt ved at verksemdene sjølve måtte telja over kor mykje dei hadde publisert i ulike kanalar og sjangrar på dei to skriftspråka. Men for to år sidan fekk Språkrådet ein ny «medarbeidar».

– Me brukar om lag eitt årsverk på tilsynsverksemda vår. I tillegg har me Målfrid, som sparar både oss og statsorgana for mykje teljing! Målfrid er ein nettsidetrålar som haustar inn og analyserer tekstar frå alle statlege nettsider. Ho finn

ut kor mykje bokmål og nynorsk som er bruka. I åra framover skal Målfrid halda fram med å gjera kontrolljobben, slik at me kan bruka meir tid på rettleiing og rådgjeving, seier Kvarenes.

## – Språkrådet har hatt møte med fleire andre tilsynsorgan. Kva har me lært av det?

– Me har i 2023 besøkt og utveksla erfaringar med seks andre tilsyn. Det har hjelpt oss med å definera nokre mål og føringar for tilsynet vårt og med å planleggja nokre endringar. Eit av måla er at offentlege organ skal etterleva språklova og driva systematisk språkarbeid som ein del av den vanlege kvalitetssikringa. Me vil i større grad enn før vurderer kva type tilbakemelding og oppfølging kvart enkelt statsorgan skal få.

## – Språkrådet har òg hatt tett dialog med ein del av statsorgana me fører tilsyn med. Korleis har det vore?

– Det er alltid nyttig, me får gode tilbakemeldingar, og me lærer mykje. Det gjer det lettare for oss å skreddarsy tilsynet til kvar verksemd. Det er organa sjølve som kjenner tekstane sine best, og som veit kvar skoen trykkjer.

#### «Slik gjer du Målfrid blid»

Kanskje blir Landbruksdirektoratet eit av statsorgana som får skryt av Språkrådet i 2024? Kommunikasjonsrådgjevar Henrik Ebne har fått litt kjeft frå Målfrid i det siste, men nå har han bestemt seg for å bli vener med henne.

– Me arbeider nå med å få fleire av tenestene våre på nynorsk. Det same gjeld rapportane våre. Me har teke i bruk omsetjingstenesta Apertium. Maskiner arbeider snøgt, men kvaliteten må sikrast av menneske. Derfor arbeider me nå med å engasjera kollegaer som har nynorsk som hovudmål. Vona er at meir nynorsk av høg kvalitet skal gjera Målfrid blidare.

– **Korleis har det vore å «sam-  
arbeida» med Målfrid?**

– Målfrid bankar gjerne på når ein minst ventar det. Og samarbeidet er nok litt prega av at Målfrid er offentleg tilsett og derfor har ein litt juridisk måte å uttrykkja seg på. Ofte endar det med at me svarar attende til Målfrid på same vis, slik at samarbeidet blir litt stivt. Det er ikkje så ofte me høyrer frå henne heller, og dermed blir ho lett gløymd i ein travel kvardag.

Ebne seier at Landbruksdirektoratet kunne tenkja seg å treffa Målfrid oftare, slik at dei kan sjå om arbeidet går rett veg.

– Draumen er at me ved høve kan få Målfrid til å gå gjennom nettstaden vår, slik at me jamleg kan sjå om arbeidet går rett veg. Eg leita òg ein del på nettsidene til Språkrådet for å finna info om Målfrid. Kva med ei lenkje frå framsida av typen «Slik gjer du Målfrid blid»?

#### Språklova gjev språkarbeidet høgare status


Truleg kjem fleire og fleire til å gjera Målfrid blid. Og ei blid

Målfrid tyder at språkbrukarane får oppfylt rettane sine. Vekslingsreglane i språklova er ei vidareføring av reglane som gjaldt i mållova, ei lov som Språkrådet også førte tilsyn med. Sjølv om det har vore god systematik i tilsynet, har det ikkje gjort susen for bruk av nynorsk i forvaltninga. Kvarenes trur dette er i ferd med å endra seg.

– Etter at språklova kom, har eg inntrykk av at lovkrava har fått ein annan status. Fleire ser bruken av bokmål og nynorsk i ein større kontekst. Det heng saman med å vera profesjonell i tenesta, oppfylla språklege rettar og vera ein inkluderande stat.

– **Dei siste åra er det berre eitt statsorgan som har følgd reglane me har ført tilsyn med. Trur du at det er fleire organ som kjem til å etterleva lova i åra som kjem?**

– Ja, det veit eg at det er!




I språklova står det at Språkrådet fører tilsyn med etterlevinga av § 10 andre ledd og §§ 12 til 17 hos statsorgan. Det står òg at statsorgan skal gje Språkrådet dei rapportane og opplysningane som Språkrådet ber om som ledd i tilsynet med dei same paragrafane.

I 2023 har Språkrådet henta inn kunnskap om tilsynspraksisen til desse statlege tilsyna:

- Arkivverket
- Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga
- UU-tilsynet
- Luftfartstilsynet
- Lotteri- og stiftelsestilsynet

# Internasjonalt samarbeid



Fleire av dei overordna språkpolitiske måla me har i Noreg, deler me med naboane våre, både dei nordiske og dei europeiske. Me samarbeider over landegrensene for å styrkja både dei nasjonale språka og det fleirspråklege mangfaldet i Norden og Europa. På mange felt har Noreg ein aktiv språkpolitikk, og mykje av arbeidet vårt blir lagt merke til i andre land. Samstundes er det viktig for oss å læra av internasjonale erfaringar for å nå måla våre her heime.

## Internasjonalt klarspråksarbeid

Språkrådet engasjerer seg mykje i det internasjonale klarspråksarbeidet, mellom anna gjennom den internasjonale klarspråksorganisasjonen PLAIN (Plain Language Association International). Her deltek me i ulike arbeidsgrupper og komitear, der mykje av fagutviklinga skjer, og me blir inviterte til ulike konferansar og viktige forum. Gjennom PLAIN har Språkrådet òg styreverv i The International Plain Language Federation (IPLF). IPLF strukturerer og driv større internasjonale klarspråksprosessar, som arbeidet med ISO-standard for klarspråk og tilknytte delstandardar.

## ISO-standard for klarspråk

I 2023 fekk verda sin første internasjonale standard for klarspråk, *ISO 24495-1 Plain Language – governing principles and guidelines*. Standarden gjev retningslinjer til skribentar, og han er språknøytral og frivillig å ta i bruk.

Sjølve prosessen med å skriva standarden har teke fire år, men planlegginga starta allereie i 2007. Fleire titals klarspråksekspertar med ulik bakgrunn og ulike interesser har vore involverte på ulike stadium. Språkrådet deltok i arbeidsgruppa som skreiv standarden. Alle i arbeidsgruppa har lagt mykje arbeid i å sikra at kvar einaste retningslinje skal fungera for deira språk og kultur. Det har gjeve oss ein standard som kan takast i bruk for alle skriftspråk.

Ein standard gjer det lettare å vurdere kvaliteten på ein prosess eller eit produkt. Denne standarden gjev ekspertråd til skribentar og slår fast korleis ein kan utforma dokument i klarspråk. Arbeidet med standarden har dessutan vore viktig for å få fagfeltet til å arbeida fram ei felles forståing av klarspråk.

På tampen av året vart ISO-standard fastsett som ein norsk standard med namnet *Klart språk – styringsprinsipp og retningslinjer*. Det vil seia at Standard Norge stiller seg bak standarden og tek ansvar for å følgja han opp.

I 2023 var førsteutkastet til ein delstandard om klart juridisk språk ferdig, og dei komande åra vil det bli laga fleire andre delstandardar.

## Store felleseuropeiske prosjekt

Gjennom EFNIL – European Federation of National Institutions for Language – deltek Språkrådet i felleseuropeisk arbeid med språkpolitikk. EFNIL har fleire



større og langvarige prosjekt, mellom anna ELIPS (European Languages and their Intelligibility in the Public Sphere) og ELM (European Language Monitor). Gjennom desse prosjekta blir språkstatus og stoda for språkpolitikken i EFNILs medlemsland kartlagde med jamne mellomrom. EFNIL deler årleg ut prisar til dei tre beste europeiske masteroppgåvene innanfor språkplanlegging, språkpolitikk og fleirspråklegheit, og organisasjonen har dessutan eit utvekslingsprogram for tilsette i nasjonalspråk-institutta. Målet med tiltaka er å auka interessa for nasjonalspråk og språkpolitikk over heile Europa og å dela erfaringar og styrkja kompetanse på tvers av landegrensene. Språkrådet er representert i EFNILs styre.

### Språkteknologi og små språk

Språkrådet har i 2023 saman med Nasjonalbiblioteket bidrege til to store prosjektrapportar: Den første, *European Language Grid (ELG)*, er ein felles europeisk katalog over språkteknologi og grunnlagsressursar for europeiske språk. Den andre, *European Language Equality (ELE)*, er ein strategi for å oppnå digital likestilling og likeverd for dei europeiske nasjonalspråka innan 2030. Språkrådet har også følgd ELE gjennom EFNIL, som har vore partner i prosjektet.

Arbeidsgruppa for språkteknologi i Norden (ASTIN) laga i 2023 ein eigen ELE-rapport for dei små språka i Norden som ikkje er nasjonalspråk. På denne måten har dei nordiske landa sett små språk og minoritetsspråk på dagsordenen hos EU.

Eit av dei viktigaste tiltaka som har sprunge ut frå rapporten ASTIN laga for dei små språka i Norden, er den fellesnordiske portalen Borealium. Her er alle språkteknologiske verktøy og hjelpemiddel som finst for dei små språka i Norden, samla på éin stad. Portalen er utvikla av ASTIN med støtte frå Nordisk ministerråd og er eit viktig tiltak for å styrkja dei svært utsette mindretalsspråka og minoritetsspråka i Norden.

Kartlegginga i ELG-prosjektet er vidareført i The European Language Data Space (LDS), som for tida er under utvikling. Med LDS skal EU byggja ein marknad for utveksling og sal av språkressursar i både offentleg og privat sektor.

### ANDRE TILTAK

- Språkrådet sit i styringsgruppa til det nordiske terminologinettverket Nordterm. Nordterm og Nettverket for språknemndene i Norden (NSN) slo i 2023 saman det nordiske nettverksmøtet og Nordterm-konferansen til eitt arrangement, Nordterm-konferansen. Konferansen vart arrangert i Stockholm i samarbeid med det svenske Språkrådet.
- Nordisk teiknspråknettverk har halde fleire nettverksmøte, og nettverket har arrangert seminar om teiknspråkstatistikk i Stockholm, der Statistisk sentralbyrå, NTNU og Dansk institut for menneskerettigheter heldt innlegg.
- Språkrådet samarbeider internasjonalt om stadnamn og deltek i Dei sameinte nasjonanes ekspertgruppe for stadnamn (UNGEGN).
- Den nordiske klarspråkskonferansen 2023 vart arrangert på Island. Språkrådet var medarrangør.
- Språkrådet er medlem av den europeiske terminologiforeininga EAFT og vitja i november EAFTs terminologitoppmøte i Barcelona. Språkrådet bidrog med eit innlegg om den norske språklova og den sektorovergripande norske språkpolitikken, med vekt på handlingsplan for norsk fagspråk og Termportalen.

# Kommunikasjon

## Språkrådet i media

Nyheitsinnhaustaren Infomedia registrerte 2214 medieoppslag om Språkrådet i 2023. Fagmiljøa i Språkrådet er mykje bruka av journalistar både i riksmedia, i lokale redaksjonar og i spesialistpressa i ulike sektorar. Me ser at media stadig oftare plukkar opp saker frå kanalar Språkrådet har prioritert i 2023, som nyheitsbrev og LinkedIn.

Åse Wetås var fast gjest i podkasten *På godt NAVsk*, saman med Nav-direktør Hans Christian Holte, i første halvår av 2023. Hausten 2023 sette Nav podkastproduksjonen på pause. Åse Wetås gjesta òg andre podkastar gjennom året, som *Viktigste leder* (Skolelederforbundet), *Liberal halvtime* (Civitas), *Pressepodden* (M24) og *Universitetsplassen* (Universitetet i Oslo).

## Sosiale medium i 2023 – kva nå, Facebook?

Språkrådet brukar sosiale medium til å trekkja besøkjande til våre eigne kanalar og arenaer, både dei digitale og dei fysiske, til å profilera og fremja bruken av digitale språkressursar og til å spreia viktige språkpolitiske budskapar direkte i kanalane.

Språkrådet gjorde omprioriteringar i dei sosiale kanalane i 2023. Arbeidet vårt og temaa våre kan vera vrine å visualisera, og alle hovudmålgruppene til Språkrådet er folk som er på jobb. Mellom anna derfor valde me å prioritera Instagram ned og LinkedIn opp. LinkedIn har ein profil som passar Språkrådet godt. Etter ein ekspertleidd arbeidsverkstad etablerte Språkrådet ein eigen LinkedIn-redaksjon og definerte strategiske innhaldskategoriar og enkle retningslinjer for innhaldsproduksjon. Med ei slik organisering har me fått eit stort tilfang av innhald, og me ser effektar av satsinga. Ved utgangen av

2023 hadde Språkrådet drygt 7700 følgjarar på LinkedIn, og om lag halvparten av dei var komne til i 2023! Tidlegare hadde Språkrådet 10 000–15 000 sidevisingar per månad på LinkedIn, nå ligg me på 30 000–50 000.

Følgjartalet på X (tidlegare Twitter) har vore nokså stabilt gjennom fleire år og ligg på rundt 19 000. Språkrådet har budskapar som ofte fungerer godt i denne kanalen, og som media kan plukka opp. I 2023 såg me òg at LinkedIn kan spela ei slik rolle. Det har vore mykje støy omkring Twitter/X etter at Elon Musk kjøpte opp plattformen i slutten av 2022, og mange brukarar har vendt kanalen ryggen. Språkrådet følgjer med på alternativ og vurderer om X er ein kanal for oss framover.

Facebook har vore ein viktig kanal for Språkrådet i mange år. Me har køyrt vellukka informasjonskampanjar der, og me publiserer fleire innlegg i veka, ofte med god spreiding i befolkninga. Drygt 29 000 personar følgde Språkrådet på Facebook ved utgangen av 2023. Fram til sommaren 2023 sponsa me innlegg for å kunna spissa budskapane inn mot viktige målgrupper på bakgrunn av kriterium som utdanning, sektor, yrke og interesser.

Etter sommaren 2023 skjedde det to ting som har gjort at me har endra strategi og praksis på Facebook. For det første vart det klart at Facebook har gjort algoritmeendringar som gjev mindre rekkjevidde for innlegg som inneheld lenkjer til eksterne nettsider (som språkrådet.no). Dette er uheldig for Språkrådet, ettersom det i hovudsak er slike innlegg me har publisert og ønskjer å publisera på Facebook. For det andre vedtok Datatilsynet hausten 2023 eit forbod mot åtfærdsbasert marknadsføring utan samtykke.



2214  
medieoppslag i 2023



80 %  
av trafikken til språkrådet.no  
kjem frå Google



66 %  
opnar nyheitsbrevva frå Språkrådet

Når Språkrådet har sponsa innlegg og kampanjar, ligg det truleg slike åtferdsbaserte marknadsførings-algoritmar til grunn for rekkjevidda me har betala for. Sidan november 2023 har Facebook tilbydd brukarane ei løysing utan slik marknadsføring, mot betaling, men Datatilsynet er skeptiske til løysinga. Dei meiner brukarane blir pressa til å gje samtykke, ettersom alternativet er å betala ein pris mange meiner er svært høg. Språkrådet har frå 1. juli 2023 stansa all annonsering og sponning av innhald på Facebook. Inntil vidare er me likevel til stades på plattformen og publiserer innhald der, men rekkjevidda vår er mindre enn før.

#### Nettsidene våre

Til å måla nettrafikk har Språkrådet nytta verktøyet Universal Analytics (UA), som frå 1. juli 2023 vart erstatta av Google Analytics 4 (GA4). Dei to verktøya

har litt ulike målefaktorar og metodar for å måla trafikk. Det påverkar kva me kan måla for 2023 totalt sett. Det er heller ikkje alt me kan samanlikna med tidlegare år.

GA4 måler ikkje unike sidevisingar slik UA gjorde, men begge måler brukarøkter. Det er relevante tal for Språkrådet. I 2022 hadde me cirka 2,9 millionar brukarøkter på språkrådet.no. Tala for 2023 viser cirka 2,8 millionar økter, altså ein nedgang på rundt 100 000. Språkrådet ser at om lag halvparten av denne nedgangen, drygt 50 000 «tapte» økter, kan forklarast med nedgang i trafikk frå sosiale medium. Det er relativt mykje, ettersom sosiale medium står for ein prosentvis liten del av den totale direktetrafikken til språkrådet.no. I 2022 stod sosiale medium, med både betala og ikkje-betala spreining av innhald, for 5,2 prosent av alle øktene på språkrådet.no. Frå juli



## I 2023 lanserte Språkrådet nyheitsbrevet *Så klart* – *språk på jobben*, med tips til betre språk og effektivt språkarbeid på arbeidsplassen.

til desember i 2023, etter at Facebook endra algoritmane og Språkrådet stoppa all innleggssponsing, stod sosiale medium for berre 2,3 prosent av trafikken. Me ser altså ei halvering i prosent.

Dei låge tala for direktetraffikk til språkrådet.no frå sosiale medium fortel berre litt om kva Facebook betyr for kommunikasjonen til Språkrådet. Facebook har gjennom mange år vore ein effektiv kanal for å spreia språkpolitiske budskapar på Facebook, altså uavhengig av språkrådet.no. Facebook spelar dessutan ei viktig rolle for trafikken til nettsidene våre når plattformen ikkje leverer direkte klikk òg. Facebook er (i motsetnad til Google) ein oppsøkjande kanal som plasserer budskapar og verksemder som brukarane ikkje aktivt har søkt etter, i synsfeltet deira. På den måten introduserer me tema og held ved like kjennskapen til Språkrådet. Me minner målgruppene om kva Språkrådet gjer, og om at me finst. Gjennom påminningar i sosiale kanalar over tid løftar me fram fagfelte me arbeider med, og koplar dei til Språkrådet. Slike påminningar gjev fleire aktive søk i Google over tid og gjer at brukarane vel språkrådet.no blant treffa dei får når dei søkjer etter svar på nettet.

Den store trafikkdirivaren for språkrådet.no er Google. Språkrådet.no blir prioritert og plassert høgt oppe i oversikta over treff på Google-søk. I 2022 kom 79,9 prosent av alle øktene på språkrådet.no frå Google-søk, og i 2023 var talet 80 prosent. Prosenten er altså stabil, men ei utvikling mot slutten av 2023 er spådd å gje nedgang i trafikken frå Google i framtida. Google har nemleg varsla at språkmodellen

Gemini, som dei lanserte i desember 2023, vil bli baka inn i Google-søk og nytta til å generera ein eigen svarartikkel basert på fleire ulike kjelder. Denne KI-genererte svarartikkelen vil bli plassert øvst på treffsida og vil skyva alle eksterne kjeldesider lenger ned. Ei slik løysing kan få store følgjer for trafikken til språkrådet.no i åra som kjem.

### Nye språkrådet.no

Ei ekspertevaluering i 2022 viste at det var behov for store utbetringar av nettstaden vår. Våren 2023 gjennomførte Språkrådet ein anbodskonkurranse og inngjekk rammeavtale med selskapet Netlife om digital utvikling. Det første oppdraget i avtalen er å utvikla nye språkrådet.no. Målet er å laga ein moderne og relevant nettstad med eit forenkla og oppgåveorientert innhald: Enkel og brukartilpassa struktur og navigasjon skal hjelpa brukarane med å finna raskt fram og effektivt løysa oppgåva dei kom til språkrådet.no med.

Hausten 2023 gjekk innhaldseigarar frå alle avdelingane i Språkrådet gjennom innhaldet på dei over 6500 nettsidene og vurderte det på bakgrunn av kriterium som er utforma for nye språkrådet.no. I samarbeid med Netlife har ei prosjektgruppe og ei styringsgruppe utarbeidd ny målgruppeprioritering, prioritering av toppoppgåver, struktur, navigasjon og design for nettsidene. Utviklinga var i sluttfasen i desember 2023, og arbeidet med å migrera innhald var i gang.

Utviklingsprosjektet med Netlife er i rute og vil bli avslutta i første kvartal av 2024. Språkrådets arbeid med å tilpassa og publisera innhald vil halda fram i 2024, og planen er å lansera språkrådet.no i ny drakt i løpet av første halvår.

### Nyheitsbrev

Nyheitsbrevet *Språknytt* kom ut med fem utgåver i 2023. Det hadde 6012 abonnentar ved utgangen av året, og utsendingane hadde ein gjennomsnittleg opningsrate på 66 prosent. I snitt klikka 18 prosent seg vidare til fullversjonar av artikkane på språkrådet.no. Dette er svært gode tal. Gjennomsnittleg opningsrate for nyheitsbrev på publiseringsplattformen me nyttar, er rundt 25 prosent, uavhengig av bransje og sektor. Den gjennomsnittlege klikkraten ligg på 4 prosent.



I 2023 er den nye spalta «Nytt sidan sist» komen til som følgje av endringane i dei sosiale kanalane. Spalta gjev ei oversikt over alt Språkrådet har publisert på nett sidan førre nyheitsbrev vart sendt ut, med korte introduksjonstekstar og lenkjer til sakene. Slik blir nyheitsbrevet eit alternativ til dei sosiale kanalane: ein aktivt utoverretta kanal som gjev brukarane tilgang til informasjon direkte frå Språkrådet, og som me eig sjølve. Det skal vera mogleg å få slik informasjon frå oss utan å vera på Facebook eller andre sosiale plattformer.

I 2023 lanserte Språkrådet nyheitsbrevet *Så klart – språk på jobben*, som inneheld praktiske tips til betre språk og effektivt språkarbeid på arbeidsplassen. Talet på abonnentar har gått frå 919 ved første utsending i mars 2023 til 1620 ved utgangen av 2023. Nyheitsbrevet har ein gjennomsnittleg opningsrate på 64 prosent. Den fjerde utgåva hadde ein opningsrate på heile 85 prosent! Klikkraten ligg i snitt på 38 prosent, og den populære fjerdeutgåva kan vise til ein klikkrate på skyhøge 67 prosent.

I tillegg til desse nyheitsbrev, som er retta mot breie målgrupper, har Språkrådet to fagspesifikke digitale utsendingar: ei om normeringsendringar (ved behov) og *Termposten* (to gonger i året).

### KI i kommunikasjonsarbeidet i 2023

Tekstverktøy med kunstig intelligens (KI) og generative språkmodellar vart allemannseige i 2023. Utviklinga kjem til å påverka Språkrådets arbeid i åra som kjem, når det gjeld både norsk i språkteknologi og andre arbeidsområde. I kommunikasjonsarbeidet ønskte me å ta teknologien i bruk for å bli kjende med mogleheitene og utfordringane som ligg i desse språkverktøya. Her er noko av det Språkrådet har testa ChatGPT på i året som gjekk:

- arbeid med titlar og ingressar
- utforming av innlegg i ulike tekstlengder til sosiale kanalar
- samandrag av store rapportar til bruk i formidling og profilering av rapportane
- samandrag av artikkelar til nettsidene

Me har òg testa ut biletverktøy. Språkrådet nyttar KI som internt arbeidsverktøy og publiserer aldri KI-genererte tekstar eller bilete utan språkleg kvalitetssikring og tydeleg merking.

# Innhaldsprodusent i teksttungt miljø

Tre semester er unnagjorde for Språkrådets lærling Isak Normann Ramsvik. I løpet av denne tida har han designa, filma, fotografert, skrive, redigert og formidla. Korleis er det egentleg å vera lærling i statsforvaltninga?

FOTO: Språkrådet

I 2022 vart Språkrådet godkjent som opplæringsbedrift i faget innhaldsproduksjon, og på hausten kunne me helsa vår første lærling velkomen. Isak Normann Ramsvik kom då frå eit årsstudium i multi-medieteknologi og design ved Universitetet i Agder, og før det gjekk han på medium og kommunikasjon på Risør videregående skole. Isak har òg eit eige firma der han tek oppdrag som fotograf.

Isak ønskte seg meir praktisk arbeidserfaring, og samtidig ville han gjerne flytta til Oslo. Då fall valet til slutt på innhaldsproduksjonsfaget og Språkrådet.

– Eg leita litt rundt etter lærlingplass då det dukka opp ein annonse på finn.no der det stod: «Har du lyst til å bli vår nye lærling i innhaldsproduksjonsfaget?» Eg hadde høyrte om Språkrådet gjennom skulen og har bruka nettsidene når eg har trunge hjelp. Eg viste annonsen til faren min, og han sa at denne moglegheita måtte eg gripa. Etter å ha snakka med kontaktpersonen i Språkrådet følte eg meg motivert til å søkja her!

– *Kva oppgåver har du hatt medan du har vore her?*

– Innhaldsproduksjonsfaget er eit nokså nytt fag. Det vart innført i 2022 som ein del av den nye læreplanen, og faget er ein kombinasjon av marknadsføring og journalistikk. Dermed kan faget innehalda ulike arbeidsoppgåver. Eg har designa rapportar og brosjyrar, oppdatert design og trykk til den nye profilen, laga innlegg i sosiale medium, laga videoar og teke bilete på arrangement. Eg har òg teke mange kurs, til dømes eit sertifiseringskurs i digital marknadsføring og ulike kurs i innhaldsproduksjon og kommunikasjon.

**Har fått mykje tillit**

I Språkrådet er det mykje tekstarbeid, gjerne i omfattande sjangrar som høyrings svar, tilsynsrapportar, kartleggingar og rettleiingar. Isak synest sjølv at han har funne ein god balanse i arbeidet mellom den teksttunge kommunikasjonen og dei meir visuelle innhaldstypene.









## «Eg har vorte teken seriøst frå første dag og har fått god støtte til å bli sjølvstendig i arbeidet.»

Isak Normann Ramsvik,  
lærling i Språkrådet

– Eg har vore trygg på at alt som gjeld tekst, har vore godt kvalitetssikra, og så har eg fått tillit til å kommunisera budskapane våre visuelt. Det har vore litt krevjande å setja seg inn i alt som skal kommuniserast. Samtidig har eg fått god hjelp til å forstå kommunikasjonsbehovet internt og eksternt. Det har vore fint å ha full merksemd på den visuelle kvaliteten, slik at produkta våre passar profilen og er konsistente i innhaldet.

**– Kva er interessant med å kommunisera oppdraget til Språkrådet?**

– Eg synest det er veldig mange moglegheiter til å kommunisera for å treffa både eksisterande og nye målgrupper. Språk er i alt. Me brukar språk heile tida. Det har vore gøy å fremja arbeidet til Språkrådet gjennom visuelle produksjonar.

**– Er det noko spesielt du har opplevd medan du har vore her, som du vil trekkja fram?**

– Eg har fått tillit frå fagleg leiar, kommunikasjonssjef og prosjektleiarar i ulike produksjonar. Eg har vorte teken seriøst frå første dag og har fått god støtte til

å bli sjølvstendig i arbeidet. Det var litt skremmande med ein gong, men det har vore lærerikt å berre kasta seg ut i ting. Generelt har det vore gøy å utfordra måtane me arbeider på, og koma med nye idear til innhald. Om eg skal trekkja fram éin ting, må eg nemna arbeidet med å laga nye nettsider. Det har vore veldig bra å vera involvert i dette prosjektet frå starten. Eg har vore med i arbeidsgruppa og delteke på alle møte og arbeidsverkstader. Eg har lært svært mykje om korleis slike store prosessar fungerer.

### **Teori og praksis**

Isak er ferdig med lærlingperioden våren 2024. Han har ennå ikkje bestemt kvar vegen går vidare, men det blir noko innanfor innhaldsproduksjon.

– Før eg kom til Språkrådet, var eg mest oppteken av video og foto. Nå har eg vorte meir oppteken av design, tekst og språk. Eg har sett kor viktig det er. Eg har likt å gjera mykje forskjellig, og eg har fått eit breiare perspektiv i faget, naturlegvis. Det gjer at eg har mange moglegheiter framover, anten eg vil søkja jobb eller studera noko. Eg kan gå i både ei teoretisk og ei praktisk retning. Me får sjå kvar eg hamnar!

Del 4    
Styring og  
 kontroll  
i verksemda

# Overordna vurdering av styring og kontroll

Det er ei utfordring å gjera ein risikoanalyse som både er tilpassa verkeområdet og oppgåvene til Språkrådet, og som er relevant i mål- og resultatstyringsarbeidet. Arbeidet i Språkrådet er sektorovergripande, og dei fleste tiltaka skal gjennomførast utanfor kultursektoren.

Mange av dei viktigaste hindringane for god måloppnåing i samfunnsoppdraget ligg såleis utanfor Språkrådets kontroll. Språkrådet arbeider systematisk for å nå så mange mål og ha så låg risiko som råd. Når Språkrådet skal utforma realistiske mål for arbeidet, legg me vekt på å identifisera faktorar me kan påverka sjølve. Dette er eit punkt som Språkrådet og Kultur- og likestillingsdepartementet jamleg drøftar i etatsstyringsdialogen.

## **Språkrådet har desse styringsdokumenta:**

- tildelingsbrev (med eventuelle tillegg)
- strategisk plan (vedteken av styret i Språkrådet)
- verksemds- og økonomiinstruks
- verksemdsplan for perioden
- Prop. 108 L (2019–2020) *Lov om språk*

Språkrådet gjer eigne risiko- og sårbarheitsanalysar, og styret i Språkrådet drøftar jamleg spørsmål om risikostyring og risikovurdering.

# Nærare omtale av forhold som gjeld styring og kontroll

## Forvaltning av tilskot

Språkrådet har ansvaret for den administrative forvaltninga av tilskot til språkorganisasjonar og språktiltak. Me sender tilskotsbrev, betalar ut dei tilskota Stortinget fastset, og hentar inn og vurderer budsjettsøknader, rapportar og rekneskapar frå tilskotsmottakarane. Språkrådet leverer vurdering av budsjettsøknader og rapportar til Kultur- og likestillingsdepartementet kvart år. Dessutan forvaltar me tilskotsordninga for innsamling og registrering av stadnamn.

Språkrådet har interne retningslinjer for arbeidet med tilskotsforvaltninga, mellom anna rutinar for innhenting og behandling av søknader, rapportering, vedtak om tildeling og vedtak om tilbakebetaling av tilskot i dei tilfella der tilskotsmottakaren ikkje oppfyller vilkåra.

## HMT og arbeidsmiljø

Språkrådet arbeider heile tida for å sikra eit godt arbeidsmiljø, for å førebyggja og redusera sjukefråvær og for å hindra utstøyting og fråfall frå arbeidslivet.

Språkrådet gjennomførte i 2022 ei medarbeidarundersøking for å kartleggja arbeidsmiljøet. I det systematiske arbeidet med å følgja opp arbeidsmiljøet nyttar me resultatata frå denne undersøkinga. Me planlegg å gjennomføra ei ny undersøking i 2024.

Sjukefråværet i 2023 var 8,4 prosent, mot 5,2 prosent i 2022. Hovuddelen av sjukefråværet var langtidsfråvær. Språkrådet arbeider systematisk med mellom anna trivsels- og treningstiltak for å halda sjukefråværet nede, og har som mål at sjukefråværet ikkje skal vera over 4,0 prosent.


Språkrådet har avtale om bedriftshelseteneste med Avonova, som kan stilla med krisepsykiatrisk hjelp òg dersom det trengst.

## Likestilling og diskriminering

Språkrådet arbeider både som arbeidsgjevar og som offentlig styresmakt målretta og planmessig for likestilling og mot diskriminering.

## Språkrådet som offentlig styresmakt

I den vedtekte strategien for Språkrådet for perioden 2020–2024 heiter det at innbyggjarane i Noreg skal ha høve til å møta og bruka språket sitt til det beste for den enkelte og for samfunnet. Strategien er gjord kjend for alle tilsette og er publisert på nettstaden til Språkrådet. Målet med strategien er mellom anna å fremja likestilling og hindra diskriminering på grunnlag av språk. Språkrådet skal arbeida for likestilling i all si verksemd, og arbeidet skal bidra til meir likestilling i sektoren. Me har sett i verk ei rekkje tiltak for å sikra likestilling og ikkje-diskriminering i den daglege drifta.



Språkrådet ser at verksemdar, både offentlege og private, ikkje alltid tek nok omsyn til språkleg mangfald og språklege mindretalsrettar. Grunnen kan vera at verksemdene ikkje fullt ut forstår det språkpolitiske ansvaret dei har, eller det kan vera at dei manglar kunnskap om konsekvensane av at språkbrukarane ikkje får rettane sine oppfylte. Språkleg mangfald og likestilling blir ofte nedprioritert, og det blir ikkje sett av nok ressursar i verksemdene. Dei manglar òg kunnskap om og engasjement for språkleg inkludering og mot språkleg diskriminering.

Språkrådet arbeider for å fremja språkleg toleranse og hindra språkleg diskriminering gjennom mellom anna

- å setja i verk tiltak for å styrkja og oppnå meir reell likestilling mellom nynorsk og bokmål og tiltak som skal sikra interessene og rettane til mindretalsspråkbrukarane i møte med det offentlege
- å fremja språkleg mangfald, norsk teiknspråk, nasjonale minoritetsspråk og nyare minoritetsspråk i Noreg
- å fremja klart og brukartilpassa språk og klart juridisk språk, som mellom anna skal sikra rettane og rettstryggleiken til ulike grupper og lik tilgang til informasjon

- å sikra at mangfald og likestilling blir spegla i ordbøkene til Språkrådet og Universitetet i Bergen
- å tilby systematisk rådgjeving om kjønnsnøytrale titlar på yrke, embete og statsorgan
- å tilby rådgjeving om bruk av sensitive ord
- å sikra grunnlagsressursar for språkteknologi som kan gje språkbrukarar lik tilgang til offentlege tenester og like høve til å ta del i samfunnet
- å gje tilskot til språkorganisasjonar som representerer og arbeider for språkleg mangfald
- å undersøkje korleis tilsette på fleirspråklege arbeidsplassar kan få opplæring i norsk
- å vera pådrivar for at alle delar av offentleg sektor tek språkpolitisk ansvar

Det er vanskeleg å måla effekten av desse tiltaka enkeltvis. Det ser ut til at me på mange område skapar større medvit om språkleg toleranse, og at arbeidet vårt bidreg til å redusera språkleg diskriminering. Språkrådet vil halda fram arbeidet med å fremja likestilling og hindra diskriminering på grunnlag av språk.

### **Språkrådet som arbeidsgjevar**

Språkrådet er ei relativt lita statleg verksemd og har gode føresetnader for å avdekkja risikoar knytte til likestilling og diskriminering. Som offentleg arbeidsgjevar pliktar Språkrådet å arbeida for å fremja

likestilling og å hindra diskriminering på arbeidsplassen gjennom ein firestegs arbeidsmetode:

1. undersøkje risikoar for diskriminering og hinder for likestilling og kartleggja tilstanden for likestilling mellom kjønna
2. analysere årsakene til risikoane
3. setja i verk tiltak
4. vurdere resultatane

Likestillingsarbeidet i Språkrådet er forankra i personalpolitikken og styringsdokumenta, mellom anna fellesføringane i dei årlege tildelingsbrevane frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Saman med dei tillitsvalde og vernetenesta arbeider leiinga i

Språkrådet målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindra diskriminering på grunnlag av mellom anna kjønn, etnisitet, funksjonsnedsetjing og seksuell orientering. Det inneber at me vil vera i framkant med å identifisere likestillingsutfordringar og setja inn tiltak. Leiinga har jamlege møte om likestilling med dei tillitsvalde og verneombodet, mellom anna i samband med medarbeidarundersøkingar, lokale lønsforhandlingar og rekrutteringsprosessar.

Språkrådet har i 2023 kartlagt lønstilhøva fordelte etter kjønn. Tabellen nedanfor viser talet på menn og kvinner totalt og i ulike stillingstypar. Kolonnen «Løn» viser den gjennomsnittlege årsløna til kvinnene i prosent av den gjennomsnittlege årsløna til mennene.

|   | Tal på tilsette | Menn | Kvinner | Løn                  |
|---|-----------------|------|---------|----------------------|
| totalt i Språkrådet inkl. mellombels tilsette | 41              | 18   | 23      | 101,0 % <sup>1</sup> |
| direktør                                      | 1               | 0    | 1       | -                    |
| avdelingsdirektørar                           | 5 <sup>2</sup>  | 3    | 2       | 96,6 %               |
| fagdirektørar                                 | 1               | 0    | 1       | -                    |
| seniorrådgjevarar                             | 31              | 13   | 18      | 99,6 %               |
| rådgjevarar                                   | 2               | 1    | 1       | 111,6 %              |
| ufrivillig deltid                             | 0               | 0    | 0       | -                    |

<sup>1</sup>Talet inkluderer ikkje løn til lærling.

<sup>2</sup>Talet inkluderer tilsett i studiepermisjon.

| Kjønnsbalanse |      | Mellombels tilsette |      | Foreldrepermisjon<br>Gjennomsnittleg tal veker |      | Faktisk deltid |      | Ufrivillig deltid |      |
|---------------|------|---------------------|------|--|------|----------------|------|-------------------|------|
| Kvinner       | Menn | Kvinner             | Menn | Kvinner  | Menn | Kvinner        | Menn | Kvinner           | Menn |
| 23            | 18   | 3                   | 2    | 0  | 0    | 1              | 1    | 0                 | 0    |

Målet med lønspolitikken i Språkrådet er å jamna ut lønsforskjellar som ikkje kan grunngjevast. Det gjeld til dømes lønsforskjellar mellom tilsette i stillingar med same ansvar og krav til kompetanse og lønsforskjellar som har historiske eller kjønnsbestemte årsaker. Leiinga arbeider saman med dei tillitsvalde for å jamna ut slike lønsforskjellar mellom anna i rekrutteringsprosessar og gjennom lokale lønsforhandlingar. Språkrådet vil halda fram arbeidet med å jamna ut eventuelle lønsforskjellar i 2024, og leiinga vil inkludera dei tillitsvalde i kartlegginga av lønstilhøva og bruken av ufrivillig deltidsarbeid.

Tabellen ovanfor viser kjønnsfordelinga i Språkrådet samla sett, i mellombelse stillingar, i uttak av foreldrepermisjon og i deltidsstillingar.

Ufrivillig deltidsarbeid blir kartlagt i medarbeidar-samtalar gjennom året.

Språkrådet gjennomfører jamlege medarbeidarundersøkingar, der me mellom anna kartlegg om tilsette har vorte utsette for, eller har sett andre bli utsette for, seksuell trakassering på arbeidsplassen.

Språkrådet gjennomfører ein årleg vernerunde for å kartleggja om dei fysiske tilhøva på arbeidsplassen er lagde til rette for dei tilsette. Denne kartlegginga blir gjord i samarbeid med verneombodet, og resultatata blir bruka for å redusera risikoar for diskriminering og hinder for likestilling.

Leiinga i Språkrådet er opptekne av at tilsette skal kunna kombinera arbeid og familieliv. Arbeidstidsordninga i staten legg godt til rette for dette.

Språkrådet meiner at dei tiltaka som er sette i verk, har vore med på å fremja likestilling i verksemda, og vil halda fram med likestillingsarbeidet saman med dei tillitsvalde.

### Likestilling og mangfald

Språkrådet arbeider for å styrkja likestilling og mangfald og har laga personalrutinar for å nå måla med dette arbeidet. I alle tilsetjingsprosessar vurderer me systematisk korleis me kan bidra til at søkjarar med nedsett funksjonsevne, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn kan tilsetjast. I alle stillingslysingane våre er det framheva at alle er velkomne til å søkja uansett personleg og kulturell bakgrunn. I 2023



## Saman med dei tillitsvalde og vernetenesta arbeider leiinga i Språkrådet målretta og planmessig for å fremja likestilling og hindra diskriminering.

tilsette Språkrådet fire personar. Ei av stillingane var fast, og dei tre andre var vikariat eller mellombelse stillingar. Til dei stillingane der det var kvalifiserte søkjarar som hadde nedsett funksjonsevne, hol i CV-en eller innvandrarbakgrunn, kalla me inn minst éin søkjar frå kvar av gruppene til intervju. Språkrådet har medarbeidarar med nedsett funksjonsevne og har sett i verk tiltak for å leggja arbeidsplassen til rette. Ingen av medarbeidarane i Språkrådet har innvandrarbakgrunn. Som arbeidsgjevar er Språkrådet medvitne om samfunnsansvaret sitt og vil halda fram arbeidet for å bidra til eit inkluderande arbeidsliv.

### Lærlingar

Språkrådet etablerte i 2022 eit samarbeid med opplæringskontoret for statlege verksemdar (OK stat) og vart godkjent som opplæringsverksemd i faget innhaldsproduksjon. Me har sidan 2022 hatt ein lærling i dette faget, og erfaringane så langt er veldig gode.

### Personalpolitikk

Språkrådet arbeider kontinuerleg med å sikra rett kompetanse og bemanning til det oppdraget me har fått. Språkrådet er ei lita statleg verksemd, men må oppfylle dei same krava til styringssystem og risikoarbeid som store verksemdar, og det gjer oss sårbare

i effektiviseringsarbeidet. Det er såleis viktig for oss å oppnå balanse mellom ulike omsyn: Språkrådet skal ha så låg risiko som råd i den daglege drifta, og me skal bruka så stor del av tildelinga vår som råd på det språkpolitiske kjerneoppdraget.

### SNs berekraftsmål

Språkrådet har peika ut desse berekraftsmåla som kan knytast til arbeidsområda våre:

- **berekraftsmål 3:** god helse og livskvalitet (helsespråkarbeid)
- **berekraftsmål 4:** god utdanning (arbeid med språk på skule- og utdanningsfeltet)
- **berekraftsmål 5:** likestilling mellom kjønna (arbeid med kjønnsbalansert språk)
- **berekraftsmål 9:** industri, innovasjon og infrastruktur (språkteknologi)
- **berekraftsmål 16:** fred, rettferd og velfungerande institusjonar (SN – UNGEGN-arbeid)

Språkrådet ser at desse utvalde berekraftsmåla er heilt i tråd med dei langsiktige måla for Språkrådet.



### Kulturelt mangfald

Som det er slått fast i Prop. 108 L (2019–2020), er språk og kultur knytte uløseleg saman. Nynorsk, bokmål, norsk teiknspråk, samiske språk og dei nasjonale minoritetsspråka er ein grunnleggjande del av kulturen og identiteten til kvar enkelt språkbrukar. Språka våre skapar samhald og fellesskap, og språkmangfaldet i Noreg ber kulturarven vår. Summen av gamalt og nytt språkmangfald speglar det kulturelle mangfaldet i landet vårt. Rolla til Språkrådet er å samordna politikkarbeidet på språkfeltet slik at kultur- og samfunnsliv er tilgjengeleg for og omfattar innbyggjarar med ulik språkbakgrunn. Arbeid med å styrkja, fremja og verna språkmangfaldet i Noreg legg til rette for at ein kan lukkast med arbeid med kulturelt mangfald på andre område.

Delmål 2 i målstrukturen til Språkrådet for 2023 seier at «innbyggjarane i Noreg skal ha høve til å møta og bruka eige/eigne språk, anten det er nynorsk, bokmål, samiske språk, norsk teiknspråk, kvensk, romani eller romanes, til det beste for den enkelte og samfunnet». Derfor har systematisk arbeid for kulturelt mangfald og styrking av statusen til dei språka me har eit særleg ansvar for, vore kjerneoppgåver for Språkrådet i rapporteringsperioden.

### Klima- og miljøtiltak

Verksemda vår påverkar i liten grad det ytre miljøet. Språkrådet vurderer miljø- og klimaomsyn i alle aktivitetar der det er relevant, og følgjer opp handlingsplanen for miljøleiing. Dei overordna måla er god avfallssortering og -handtering, redusert energibruk og meir vekt på miljøvenleg transport og miljøvenlege innkjøp. Språkrådet har tenester som er landsdekkjande, og dette fører til ein del reising. Språkrådet arbeider for å minska CO<sub>2</sub>-avtrykket sitt gjennom god reiseplanlegging, og me har digitale møteromsløysingar som alternativ til reising.

### Konsulentbruk

Språkrådet har i 2023 arbeid for å redusera bruken av konsulentar på område der me kan bruka interne ressursar og intern kompetanse. Sidan Språkrådet er ei relativt lita verksemd, er det område der det ikkje er føremålstenleg å byggja opp eigen kompetanse. På nokre område er me ei for lita verksemd til å kunna ha eit attraktivt fagmiljø, og det er ikkje alltid like stort behov for all kompetanse gjennom året. I ein del tilfelle er det såleis føremålstenleg å nytta innleigde ressursar i staden for å tilsetja eigne folk eller byggja kompetansen internt. Språkrådet har ikkje hatt utgifter til konsulenttenester innan kommunikasjon i 2023.

### Språkrådets bruk av konsulentar i 2023 fordeler seg slik:

| Konto | Namn   | Beløp (i tusen) |
|-------|--|-----------------|
| 670   | Konsulenttenester innan økonomi, revisjon og juss                            | 322             |
| 671   | Konsulenttenester til utvikling av programvare, IKT-løysingar o.a.           | 100             |
| 672   | Konsulenttenester til organisasjonsutvikling, kommunikasjonsrådgjeving, o.a. | 118             |



Foto: Unsplash

### Desentralisert arbeid

Som andre statlege verksemdar fekk Språkrådet i tildelingsbrevet for 2023 i oppdrag å greia ut auka bruk av desentralisert arbeid. Føremålet er å leggja til rette for fleire desentraliserte statlege arbeidsplassar og å styrkja lokale fagmiljø. Spørsmålet har òg vore tema i det lokale partssamarbeidet.


Språkrådet har for tida to medarbeidarar som ikkje har fast kontorstad i Oslo: Me har ein medarbeidar med fast arbeidsplass ved Universitetet i Bergen, og me har ein med mellombels fjernarbeidsordning i Stavanger. Språkrådet har vurdert desentralisert arbeid opp mot andre forhold:

- **Språkrådets behov og i kva grad auka bruk av desentralisert arbeid kan sameinast med måla og arbeidsmetodane til verksemda**

Språkrådet er ei lita verksemd med kring 40 tilsette. Hovudmålgruppene våre er departement, direktorat og andre offentlege verksemdar som for det meste er lokaliserte i eller nær Oslo. Eit sentralt mål for Språkrådet er å styrkja samarbeid på tvers av avdelingane, med mål om smart ressursbruk, utvikling og betring av arbeidsmetodar, styrkt kvalitet og større rekkjevidde for aktivitetane våre. Både for kontakten med hovudmålgruppene for Språkrådets arbeid og for utvikling av organisasjon og samarbeidsformer internt er det ønskjeleg at flest mogleg av dei tilsette arbeider saman i Oslo.

- **Arbeidsmiljø**

Med større fleksibilitet i kontorbruk blir ein del av arbeidet allereie i dag utført frå andre stader enn hovudkontoret vårt. Det gjer at Språkrådet må arbeida meir for å tilby eit godt fagleg og sosialt arbeidsmiljø på kontoret. Med fleire medarbeidarar



## Språkrådet har i 2023 styrkt innsatsen for å arkivera, journalføra og sikra dokumentoffentlegheit.

med andre arbeidsstader enn Oslo vil det bli meir utfordrande å halda ved like og utvikla det felles faglege og sosiale arbeidsmiljøet og å inkludera nye medarbeidarar.

- **Rekruttera og behalda medarbeidarar**

På nokre spesialiserte fagfelt kan det vera vanskeleg å rekruttera nye medarbeidarar. I slike tilfelle kan tilbodet om å arbeida desentralisert vera eit verkemiddel for å utvida rekrutteringsbasen. Då kan det vera relevant for Språkrådet å vurdere dette.

- **Økonomiske og andre spørsmål**

Tildelingsbrevet spesifiserer ingen rammer for finansiering av desentralisert arbeid. Dersom ordninga skal utviklast, bør det etablerast felles statlege retningslinjer for kven som skal dekkja utgifter til kontorplassar og til reise og opphald i samband med obligatoriske møte og arrangement på hovudkontoret.

Uavhengig av kven som dekkjer kostnadene, vil ein auke i bruken av desentralisert arbeid truleg føra til meir reising og ein auke i klimagassutsleppa.

Konklusjonen er at Språkrådets arbeidsfelt, hovudmålgrupper, arbeidsmetodar og verksemdsstørrelse gjer det lite ønskjeleg med desentralisert arbeid i større omfang enn i dag.

### **Arkiv**

Språkrådet har i 2023 styrkt innsatsen for å arkivera, journalføra og sikra dokumentoffentlegheit. Alle medarbeidarar i verksemda har gjennomført relevante kompetansetiltak som er utarbeidde av Arkiverket og Direktoratet for forvaltning og økonomistyring. I løpet av året har me også teke opp relevante forvaltningstema på interne fagmøte. Arbeidet med å styrkja forvaltningskompetansen vil halda fram i 2024.

# Del 5

## Vurdering av framtid- utsikter

# Framtidsutsikter


Å ta vare på språka våre er å driva med kulturvern. Å bruka, styrkja og utvikla norsk som felles nasjonalspråk vil mellom anna seia å leggja til rette for inkludering, deltaking og demokrati, grunnleggjande rettstryggleik, nasjonal tryggleik og ein effektiv offentleg sektor. Om Noreg skal nå dei langsiktige måla for språkpolitikken, må Språkrådet som strategisk og samordnande forvaltningsorgan ha nødvendig autoritet, og alle sektorar må følgja opp dei språkpolitiske oppgåvene sine på ein systematisk måte.

I 2023 kunne den sektorovergripande norske språkpolitikken feira sine første 15 år. Å følgja opp språkpolitikken skal vera ei fast oppgåve i alle sektorar, og arbeidet skal ikkje vera avhengig av særfinansiering eller eksplisitte bestillingar i tildelingsbrev. Språkrådet ser at staten har ein lang veg å gå. Det heng stadig att ei førestilling om at den norske språkpolitikken først og fremst inneber at statsorgana skal veksla mellom bokmål og nynorsk etter nærare reglar, og det er langt fram til målet om at verksemdene skal ta omsyn til språkpolitikken når dei utformar eigne oppgåver.

Dei aller viktigaste av dei store sakene som ligg framfor oss, er god norskopplæring som kan setja alle i stand til å delta i det norske samfunnet, språk som faktor i tryggleiks- og beredskapssamanheng, språkteknologiske verktøy med god demokratisk kontroll over normframstilling og språkleg kvalitet og eit klart, korrekt språk som grunnleggjande ingrediens i alle offentlege tenester.

## Frå lov til liv

Hovudmålet med den norske språkpolitikken er å styrkja norsk som nasjonalspråk og samfunnsberande språk, og å verna og fremja heile det norske språkmangfaldet. Eit fullt utbygd og tilgjengeleg fellesspråk er nødvendig for at alle som bur i Noreg, skal kunna delta i demokrati og samfunnsliv, for at me skal ha ein effektiv offentleg sektor med høg



## Eit fullt utbygd og tilgjengeleg fellesspråk er nødvendig for at alle som bur i Noreg, skal kunna delta i demokrati og samfunnsliv.

tillit, for god digitalisering og for grunnleggjande samfunnstryggleik. Skal statlege verksemder følgja opp språkpolitikken, må dei alle ha gode språkplanar, og dei må ha høvelege indikatorar for å måla effekten av tiltak. Verksemdene må ha god systematikk i arbeidet, og dei må byggja kompetansen dei treng. Det er stort behov for sektorspesifikke rettleiarar til oppfølginga av det språkpolitiske ansvaret. Dessutan er det viktig å få på plass forskrifter til språklova, som kan tydeleggjera verkeområdet til lova og gjera etterlevinga betre.

Offentleg sektor pliktar å følgja opp måla for språkpolitikken. Språkrådet ser at heile sektoren i tida framover vil trenge meir kunnskap om at dette ansvaret òg gjeld når offentlege verksemder set oppgåver ut på anbod eller samarbeider med private og frivillige aktørar.

### **Språk og teknologi for alle**

Språkrådets strategi prioriterer dei tre områda nynorsk, språkteknologi og kunnskapssektoren. Utviklinga av ålment tilgjengelege KI-baserte generative språkmodellar går raskt, og Språkrådet ser at den samla innsatsen på desse felta må intensiverast i åra som kjem. Etterspurnaden etter gode digitale språkdata for norsk vil bli endå større, og behovet for utvikling av norsk fagspråk og terminologi vil auka i

både privat og offentleg sektor. Med KI-teknologien blir språkdata ein viktig strategisk ressurs. Denne ressursen trengst til utvikling av generative språkmodellar som formidlar norsk kultur og norske haldningar. Han trengst òg til utvikling av domenespesifikke KI-verktøy til å effektivisera prosessar og gjera konkrete produkt og tenester betre.

Difor meiner Språkrådet at språkdata for framtida må definerast som datasett av særleg høg strategisk verdi («high-value datasets», HVD) for Noreg.

Dei store, statistisk baserte språkmodellane fører med seg nye trugsmål mot språkmangfaldet i Noreg og dei mindre bruka språka våre. Frå tidlegare er det godt kjent at språkteknologi forsterkar forskjellane mellom store og små språk. Derfor må me i tida framover trappa opp den språkpolitiske innsatsen for å motverka marginalisering og dårlegare vilkår for dei minste språka.

### **Ein kunnskapsbasert språkpolitikk for framtida**

Oppfølginga av språkpolitikken må vera kunnskapsbasert. Men på relevante og viktige fagområde – som terminologi, leksikografi, stadnamngransking, språkteknologi og språkplanlegging – vert det framleis gjort altfor lite forskings- og utviklingsarbeid. Språkrådet meiner derfor at det hastar med å få på plass eit



forskningscenter for norsk språk, både for utvikling av nødvendige språkressursar (ordbøker, grammatikkar, termsamlingar og andre grunnleggjande språkverktøy), og for utdanning av fagspesialistar i norsk og dei andre språka den norske språkpolitikken omfattar.

Me treng ikkje berre eit slikt stabilt fag- og forskingsmiljø for norsk språk, me treng òg ei betre samordning av språkpolitikken. Det viser rapporten *Et samfunnsbærende språk. Utredning om organisering av et fast forsknings- og utviklingsmiljø for norsk språk*, som Telemarksforsking overleverte Språkrådet i juni 2023. Rapporten inneheld eit framlegg om styrking av Språkrådet med ei avdeling eller eit kompetansmiljø som kan samordna statens forskingsbehov på språkpolitikkfeltet, gjera kunnskapen tilgjengeleg og arbeida systematisk med innsikts- og analysegrunnlag for den sektorovergripande politikoppfølginga. Språkrådet meiner dette vil vera eit svært viktig grep.

### Framtidsutsiktene for norsk språk

I verdssamanheng er norsk eit stort og livskraftig språk, og med den norske språklovgevinga står nasjonalspråket vårt sterkare enn mange andre språk i verda. Samstundes er presset frå engelsk tydeleg på mange samfunnsområde. Det gjeld i akademia, i kultur- og medietilbodet til barn og unge og i digitale ressursar og verktøy til bruk i skule og opplæring. Det

gjeld òg i delar av næringslivet, og Språkrådet får mange spørsmål frå innbyggjarar om bruk av engelsk i marknadsføring og annonsering som er retta mot den norskspråklege allmenta. Språkrådet har i lengre tid mangla ressursar til å arbeida systematisk på arbeids- og næringslivsfeltet. Det er svært uheldig for den samla språkpolitiske måloppnåinga, sidan språkbruken i offentleg, privat og frivillig sektor heng saman.

Det er ingen grunn til å frykta at det norske språket skal dø, men det er dessverre tydelege tendensar til domenetap, og norsk språk er for lite synleg på samfunnsområde med høg status. Dersom norsk skal vera eit samfunnsberande språk med høg status også i framtida, må me leggja til rette for god norskopplæring i skulen. Me må stilla tydelege krav om at offentleg sektor skal oppfylle språkpliktene sine. Dessutan må me oppmoda og hjelpa norsk næringsliv og frivillig sektor til å delta i arbeidet med å ta vare på språket vårt. Framfor alt treng me rask og resolutt innsats for å sikra at bruk av KI-språkmodellar kan støtta opp om norsk og dei andre språka Noreg har særleg ansvar for. Teknologien må ikkje bli eit trugsmål mot språkmangfaldet og mot norsk som fellesspråk.

# Del 6

# Årsrekneskap

# 2023



## Kommentarar frå leiinga

Språkrådet er statens forvaltningsorgan i språkspørsmål og følgjer opp den norske språkpolitikken på oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Språkrådet arbeider med å styrkja det norske språket og språkmangfaldet i Noreg og har ansvar for å følgja opp språka norsk (nynorsk og bokmål), norsk teiknspråk, kvensk, romanes og romani.



### Stadfesting

Årsrekneskapen for 2023 er avlagd etter kontantprinsippet og er gjeven i samsvar med føresegnene for økonomistyring i staten, rundskriv R-155 frå Finansdepartementet og instruks om økonomi- og verksemdsstyring frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Rekneskapen gjev eit dekkjande bilete av dei disponible løyvingane til verksemda og av rekneskapsførte utgifter og inntekter.

Språkrådet har ein intern økonomiinstruks som er fastsett av styret, og som baserer seg på økonomiregelverket i staten og på instruksjonen om økonomi og verksemdsstyring for Språkrådet frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Etter denne instruksjonen har direktøren ansvaret for at dei økonomiske ressursane i verksemda blir disponerte i samsvar med føresetnadene og i samsvar med gjeldande regelverk for økonomistyring i staten. Styret i Språkrådet har overordna ansvar for at økonomireglementet og instruksjonen frå Kultur- og likestillingsdepartementet blir følgde opp, og at budsjetttrammene blir haldne.

Språkrådet utarbeider ein årleg disposisjonsplan i tråd med føringane, som saman med interne budsjett-disponeringsfullmakter styrer korleis budsjettmidlane blir disponerte i organisasjonen.

### Vurdering av vesentlege forhold

Budsjetttramma for 2023 var kr 49 425 000 (jf. kapittel 326, post 01). Språkrådet hadde for 2023 eit inntektskrav på kr 67 000 (jf. kapittel 3326, post 01). Rekneskapen for 2023 viser ei mindreutgift på kr 467 833 på utgiftssida og ei meirinntekt på kr 92 296 på inntektssida. Total mindreutgift for året vart kr 560 129, som me søker om å få overført til 2024, jf. note B. Mindreforbruket kjem mellom anna av eit noko høgt sjukefråvær med tilsvarande store lønsrefusjonar frå Nav.

Språkrådet fekk i åra 2022 og 2023 tildelt totalt kr 1 000 000 til utgreiing av eit permanent fagmiljø for forskning på og utdanning i norsk språk (jf. kapittel 325, post 21). Oppdraget vart tildelt Stiftelsen Telemarksforskning, og endeleg rapport vart levert i 2023.

Språkrådet hadde i 2023 tilskotsforvaltning på kr 36 120 000 (jf. kapittel 326, post 73). Av dette gjekk kr 34 525 000 til språkorganisasjonar, kr 1 495 000 til tilskotsordninga for innsamling av stadnamn og kr 100 000 til årets nynorsk-kommune etter tildelinga i statsbudsjettet for 2023. Det vart for 2023 løyvd kr 5 445 000 til revisjon av *Bokmålsordboka* og *Nynorskordboka* (jf. kapittel 326, post 75). Språkrådet hadde ansvar for å utbetala midlane til Universitetet i Bergen. Med unntak av kr 81 000 til innsamling av stadnamn vart alle tilskotsmidlane utbetala.

### Tilleggsopplysningar

Som statleg verksemd får Språkrådet revisjon gjennomført av Riksrevisjonen. Årsrapport og årsrekneskap for verksemda blir publiserte på nettsidene til Språkrådet etter at etatsstyringsdialogen om dokumenta er avslutta. Revisjonsrapporten frå Riksrevisjonen blir òg publisert når dokumentet blir offentleg tilgjengeleg, i tråd med tilrådingane frå DFØ.

Oslo, 15. mars 2024



Åse Wetås  
direktør



Ingrid Vad Nilsen  
styrelsiar

### Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Språkrådet er utarbeidd og avlagd med utgangspunkt i føresegnene Finansdepartementet har om økonomistyring i staten, heretter kalla «føresegnene». Årsrekneskapen med notar er utarbeidd og avlagd i tråd med punkt 3.4.1 i føresegnene, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet av desember 2022 og eventuelle tilleggskrav som er fastsette av overordna departement.

Oppstillinga av løyving- og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – grunnleggjande prinsipp for årsrekneskapen:

- a. Rekneskapen følgjer kalenderåret.
- b. Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- c. Rekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet.
- d. Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med bruttobeløp.

Oppstillingane av løyving- og artskontorrapportering er utarbeidd etter dei same prinsippa, men grupperte etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i samsvar med punkt 3.5 i føresegnene, der det står korleis verksemdene skal rapportera til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingerekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Språkrådet er etter punkt 3.7.1 i føresegnene knytt til konsernkontoordninga for staten i Noregs Bank. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilførte likviditet gjennom året, men har rett til trekk på konsernkontoen i staten. Ved overgang til nytt rekneskapsår blir saldoen på den enkelte oppgjerskontoen nullstilt.

### Løyvingsrapporteringa

Oppstillinga av løyvingrapporteringa inneheld ein øvre del som viser bruk av løyvinga, og ein nedre del som viser den behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Løyvingsrapporteringa viser dei rekneskapstala som Språkrådet har rapportert til statsrekneskapen. Rapporten er stilt opp etter dei kapitla og postane i løyvingerekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponera. Kolonnen for samla løyving viser kva Språkrådet har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigedelar og plikter som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen i staten.

Mottekne fullmakter til å belasta eit kapittel / ein post hos ei anna verksemd (belastningsfullmakter) blir ikkje viste i kolonnen for samla tildeling, men er omtala i note B til løyvingoppstillinga. Utgiftene knytte til mottekne belastningsfullmakter er bokførte og rapporterte til statsrekneskapen og blir viste i kolonnen for rekneskap.

Gjevne belastningsfullmakter er inkluderte i kolonnen for samla løyving, men blir ikkje bokførte og rapporterte til statsrekneskapen av verksemda sjølv. Dei gjevne belastningsfullmaktene blir bokførte og rapporterte av verksemda som har fått fullmakta, og er derfor ikkje oppførte i kolonnen for rekneskap. Dei gjevne fullmaktene kjem fram i note B til løyvingoppstillinga.

### Artskontorrapporteringa

Artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som går inn i mellomrekneskapen (mellomvære) med statskassa.

Artskontorapporteringa viser rekneskapstal som Språkrådet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Språkrådet har rett til trekk på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane er ikkje inntektsførte og er derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Rekneskapstala i løyvings- og artsrapporteringa med notar er dei tala som Språkrådet har rapportert til statsrekneskapen. I tillegg viser noten til artsrapporteringa «Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa» bokførte tal frå kontospesifikasjonen for verksemda i kolonnen «Spesifisering av bokført avrekning med statskassa». Noter viser skilnaden mellom beløp verksemda har bokført på eignedels- og gjeldskontoar i kontospesifikasjonen for verksemda (inkludert saldo på kunde- og leverandørreskontro), og beløp verksemda har rapportert som fordringar og gjeld til statsrekneskapen, og som inngår i mellomværet med statskassa.

Verksemda har innretta bokføringa slik at ho følgjer krava i føresegnene om økonomistyring i staten. Dette inneber at alle opplysningar om transaksjonar og andre rekneskapsmessige disposisjonar som er nødvendige for å utarbeida pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 3.3.2, og spesifisering av pliktig rekneskapsrapportering, jf. føresegnene punkt 4.4.3, er bokførte. Føresegnene krev mellom anna utarbeiding av kundespesifisering og leverandørspesifisering. Dette medfører at sals- og kjøps-transaksjonar blir bokførte i kontospesifikasjonen på eit tidlegare tidspunkt enn dei blir rapporterte til statsrekneskapen, og inneber kundefordringar og leverandørgjeld i kontospesifikasjonen.



Foto: Unsplash

## Oppstilling av løyvingssrapportering 31.12.2023

| Utgiftskapittel   | Kapittelnamn                                 | Post | Posttekst                                       | Note | Samla løyving | Rekneskap 2023 | Meirutgift (-) og mindreutgift   |
|---|--|------|---|------|---------------|----------------|----------------------------------|
| 0325  | Allmenne kulturføremål                       | 21   | Forsking, utgreiing og spesielle driftsutgifter | A    | 500 000       | 493 050        | 6 950                            |
| 0326  | Språk- og bibliotekføremål                   | 01   | Driftsutgifter                                  | A, B | 49 425 000    | 48 957 167     | 467 833                          |
| 0326  | Språk- og bibliotekføremål                   | 73   | Språktiltak                                     | A    | 36 120 000    | 36 039 000     | 81 000                           |
| 0326  | Språk- og bibliotekføremål                   | 75   | Tilskot til ordbok-arbeid                       | A    | 5 445 000     | 5 445 000      | 0                                |
| 1633  | Nettoordning, statleg betala meirverdiavgift | 01   | Driftsutgifter                                  |      | 0             | 1 798 681      |                                  |
| Sum utgiftsført   |  |      |   |      | 91 490 000    | 92 732 898     |                                  |
| Inntektskapittel  | Kapittelnamn                                 | Post | Posttekst                                       |      | Samla løyving | Rekneskap 2023 | Meirinntekt og mindreinntekt (-) |
| 3326  | Språk- og bibliotekføremål                   | 01   | Ymse inntekter                                  |      | 67 000        | 159 296        | 92 296                           |
| 5309  | Tilfeldige inntekter                         | 29   | Ymse  |      | 0             | 81 729         |                                  |
| 5700  | Folketrygdas inntekter                       | 72   | Arbeidsgjevaravgift                             |      | 0             | 4 513 537      |                                  |
| Sum inntektsført  |  |      |   |      | 67 000        | 4 754 562      |                                  |
| Netto rapportert til løyvingssrekneskapen                 |  |      |   |      |               | 87 978 337     |                                  |
| Kapitalkontoar  |  |      |   |      |               |                |                                  |
| 60057501  | Noregs Bank KK / innbetalingar               |      |   |      |               | 2 679 725      |                                  |
| 60057502  | Noregs Bank KK / utbetalingar                |      |   |      |               | -91 200 349    |                                  |
| 703814  | Endring i mellomvære med statskassa          |      |   |      |               | 542 287        |                                  |
| Sum rapportert  |  |      |   |      |               | 0              |                                  |
| Behaldning rapportert til kapitalrekneskapen (31.12.2023) |  |      |   |      |               |                |                                  |
| Konto   | Tekst  |      |   |      | 2023          | 2022           | Endring                          |
| 703814  | Mellomvære med statskassa                    |      |   |      | -1 802 183    | -2 344 470     | 542 287                          |

**Note A****Forklaring av samla løyving utgifter**

| Kapittel og post  | Overført frå i fjor | Årets tildelingar | Samla tildeling |
|---|---------------------|-------------------|-----------------|
| 032521 Forsking, utgreiing og spesielle driftsutgifter <sup>1</sup> | 0                   | 500 000           | 500 000         |
| 032601 Driftsutgifter   | 1 263 000           | 48 162 000        | 49 425 000      |
| 032673 Språktiltak  | 0                   | 36 120 000        | 36 120 000      |
| 032675 Tilskot til ordbokarbeid                                     | 0                   | 5 445 000         | 5 445 000       |

<sup>1</sup>Språkrådet fekk i åra 2022 og 2023 tildelt totalt kr 1 000 000 til utgreiing av eit permanent fagmiljø for forskning på og utdanning i norsk språk (jf. kapittel 325, post 21). Oppdraget vart tildelt Stiftelsen Telemarksforskning, og endeleg rapport vart levert i 2023.

**Note B****Forklaring til bruka fullmakter og utrekning av beløp som er mogleg å overføra til neste år**

|   |               |
|---|---------------|
| Kapittel og post  | 032601/332601 |
| Stikkord  |               |
| Meirutgift (-) / mindreutgift   | 467 833       |
| Utgiftsført av andre i tråd med gjevne belastningsfullmakter (-)            |               |
| Meirutgift (-) / mindreutgift etter gjevne belastningsfullmakter            | 467 833       |
| Meirinntekter / mindreinntekter (-) i tråd med meirinntektsfullmakt         | 92 296        |
| Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving |               |
| Innsparing (-)  |               |
| Sum grunnlag for overføring   | 560 129       |
| Maks. beløp som kan overførast <sup>2</sup>                                 | 2 408 100     |
| Beløp som kan overførast, utrekna av verksemda                              | 560 129       |

<sup>2</sup>Språkrådet har fullmakt til å overskrida kapittel 0326, post 01, mot tilsvarende meirinntekt under kapittel 3326, post 01. Språkrådets ubruka løyving på kapittel 0326, post 01, er under grensa for tillaten overføring på 5 prosent. Beløpet på 560 129 kroner er søkt overført til 2024.

## Oppstilling av artskontorapporteringa 31.12.2023

|   | Note | 2023              | 2022              |
|---|------|-------------------|-------------------|
| <b>Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>                  |      |                   |                   |
| Innbetalinger frå gebyr   | 1    | 0                 | 0                 |
| Innbetalinger frå tilskot og overføringar                                   | 1    | 0                 | 717 509           |
| Sals- og leigeinnbetalningar  | 1    | 159 296           | 1 234             |
| Andre innbetalningar  | 1    | 0                 | 0                 |
| <b>Sum innbetalningar frå drift</b>   |      | <b>159 296</b>    | <b>718 743</b>    |
| <b>Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>                   |      |                   |                   |
| Utbetalningar til løn   | 2    | 35 209 339        | 32 540 618        |
| Andre utbetalningar til drift   | 3    | 14 240 526        | 14 666 438        |
| <b>Sum utbetalningar til drift</b>  |      | <b>49 449 864</b> | <b>47 207 056</b> |
| <b>Netto rapporterte driftsutgifter</b>                                     |      | <b>49 290 569</b> | <b>46 488 313</b> |
| <b>Investerings- og finansinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b> |      |                   |                   |
| Innbetalningar av finansinntekter   | 4    | 0                 | 0                 |
| <b>Sum investerings- og finansinntekter</b>                                 |      | <b>0</b>          | <b>0</b>          |
| <b>Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen</b>  |      |                   |                   |
| Utbetalningar til investeringar   | 5    | 0                 | 248 434           |
| Utbetalningar til kjøp av aksjar  | 5    | 0                 | 0                 |
| Utbetalningar av finansutgifter   | 4    | 353               | 2 038             |
| <b>Sum investerings- og finansutgifter</b>                                  |      | <b>353</b>        | <b>250 472</b>    |
| <b>Netto rapporterte investerings- og finansutgifter</b>                    |      | <b>353</b>        | <b>250 472</b>    |
| <b>Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>                |      |                   |                   |
| Innbetalningar av skattar, avgifter, gebyr m.m.                             | 6    | 20 000            | 60 000            |
| <b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b>            |      | <b>20 000</b>     | <b>60 000</b>     |
| <b>Tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>                 |      |                   |                   |
| Utbetalningar av tilskot og stønader  | 7    | 41 484 000        | 42 930 000        |
| <b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringar frå staten</b>             |      | <b>41 484 000</b> | <b>42 930 000</b> |
| <b>Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel</b>                  |      |                   |                   |
| Gruppelivsforsikring, konto 1985 (jf. kap. 5309, inntekt)                   |      | 61 729            | 45 604            |
| Arbeidsgjevaravgift, konto 1986 (jf. kap. 5700, inntekt)                    |      | 4 513 537         | 4 066 770         |
| Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (jf. kap. 1633, utgift) |      | 1 798 681         | 1 713 296         |
| <b>Netto rapporterte utgifter på felleskapittel</b>                         |      | <b>-2 776 585</b> | <b>-2 399 077</b> |
| <b>Netto rapportert til løyvingsrekneskapen</b>                             |      | <b>87 978 337</b> | <b>87 209 709</b> |

| <b>Oversikt over mellomvære med statskassa</b>      |             |                   |                   |
|---|-------------|-------------------|-------------------|
| <b>Eigedelar og gjeld</b>                           | <b>Note</b> | <b>2023</b>       | <b>2022</b>       |
| Krav på tilsette                                    |             | 0                 | 0                 |
| Kontantar   |             | 0                 | 0                 |
| Bankkontoar med statlege midlar utanfor Noregs Bank |             | 0                 | 0                 |
| Skyldig skattetrekk og andre trekk                  |             | -1 300 618        | -1 299 050        |
| Skyldige offentlege avgifter                        |             | -4 542            | -17 314           |
| Avsett pensjonspremie til Statens pensjonskasse     |             | -497 023          | -995 433          |
| Anna kortsiktig gjeld                               |             | 0                 | -32 673           |
| Mottekne forskotsbetalingar                         |             | 0                 | 0                 |
| Løn (negativ netto, for mykje utbetala løn m.m.)    |             | 0                 | 0                 |
| Differansar på bank og uidentifiserte innbetalingar |             | 0                 | 0                 |
| <b>Sum mellomvære med statskassa</b>                | <b>8</b>    | <b>-1 802 183</b> | <b>-2 344 470</b> |

**Note 1 Innbetalingar frå drift**

|  | <b>31.12.2023</b> | <b>31.12.2022</b> |
|--|-------------------|-------------------|
| <b>Innbetalingar frå gebyr</b>                   |                   |                   |
| Sum innbetalingar frå gebyr                      | 0                 | 0                 |
| <b>Innbetalingar frå tilskot og overføringar</b> |                   |                   |
| Andre tilskot og overføringar                    | 0                 | 717 509           |
| Sum innbetalingar frå tilskot og overføringar    | 0                 | 717 509           |
| <b>Sals- og leigeinnbetalingar</b>               |                   |                   |
| Tilfeldige inntekter (post 01, 02) <sup>3</sup>  | 159 296           | 1 234             |
| Sum sals- og leigeinnbetalingar                  | 159 296           | 1 234             |
| <b>Andre innbetalingar</b>                       |                   |                   |
| Sum andre innbetalingar                          | 0                 | 0                 |
| <b>Sum innbetalingar frå drift</b>               | <b>159 296</b>    | <b>718 743</b>    |

<sup>3</sup>Størstedelen av inntekta i 2023 gjeld EU-midlar mottekne for å rapportera på tilstanden til norsk språkteknologi.

**Note 2 Utbetalinger til løn**

|  | <b>31.12.2023</b> | <b>31.12.2022</b> |
|--|-------------------|-------------------|
| Løn  | 28 936 318        | 26 640 574        |
| Arbeidsgjevaravgift                              | 4 513 537         | 4 066 770         |
| Pensjonsutgifter <sup>4</sup>                    | 2 863 436         | 2 062 671         |
| Sjukepengar og andre refusjonar (-) <sup>5</sup> | -2 441 403        | -1 535 957        |
| Andre ytingar <sup>6</sup>                       | 1 337 451         | 1 306 560         |
| <b>Sum utbetalinger til løn</b>                  | <b>35 209 339</b> | <b>32 540 618</b> |
| <b>Tal utførte årsverk:</b>                      | <b>34</b>         | <b>33</b>         |

<sup>4</sup>Pensjonar blir utgiftsførte i artskontorrapporteringa. Premiesatsen for arbeidsgjevardelen utgjorde 9,1 prosent i 2023.

Frå 2022 har Statens pensjonskasse lagt om pensjonspremiemodellen for statlege verksemder. Nå betalar verksemdene ein verksemdsspesifikk hendingbasert arbeidsgjevardel som del av pensjonspremien. At premien er verksemdsspesifikk, betyr at han blir rekna ut frå forholda i kvar enkelt verksemd, ikkje for grupper av verksemder samla. At han er hendingbasert, betyr at han tek omsyn til dei faktiske hendingane i medlemsmassen i verksemda, slik at premiereserven er à jour med oppteninga til medlemmen.

Medlemsdelen på 2 prosent av lønsgrunnlaget er uendra.

<sup>5</sup>Posten inkluderer 624 473 kroner frå Noregs forskingsråd, som gjeld to tilsette som er del av ordninga for offentlig sektor-ph.d.

<sup>6</sup>Posten inkluderer mellom anna velferdstiltak for tilsette, honorar til styremedlemmer og medlemmer av fagråda.



**Note 3 Andre utbetalinger til drift**

|  | <b>31.12.2023</b> | <b>31.12.2022</b> |
|--|-------------------|-------------------|
| Husleige <sup>7</sup>                              | 3 877 988         | 3 799 605         |
| Vedlikehold av egne bygg og anlegg                 | 0                 | 0                 |
| Vedlikehold og ombygging av leigde lokale          | 46 936            | 215 492           |
| Andre utgifter til drift av eieendom og lokale     | 192 223           | 174 919           |
| Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr m.m. | 0                 | 0                 |
| Mindre utstyrskjøp                                 | 118 745           | 262 891           |
| Leige av maskiner, inventar og liknande            | 0                 | 0                 |
| Kjøp av konsulenttenester                          | 539 000           | 1 493 658         |
| Kjøp av andre framande tenester <sup>8</sup>       | 6 818 382         | 5 440 966         |
| Reiser og diett <sup>9</sup>                       | 1 023 280         | 769 158           |
| Andre driftsutgifter                               | 1 623 972         | 2 509 748         |
| <b>Sum andre utbetalinger til drift</b>            | <b>14 240 526</b> | <b>14 666 438</b> |

<sup>7</sup>Husleiga blir justert årleg etter utviklinga i konsumprisindeksen.

<sup>8</sup>Posten inkluderer mellom anna utgifter til drift av IKT og arbeid med nye nettsider.

<sup>9</sup>Auken i 2023 kjem av at reiseaktiviteten i 2022 vart avgrensa av smittevernomsyn. Det er likevel 31 prosent mindre enn 2019, som var det siste normalåret før koronapandemien.

**Note 4    Finansinntekter og finansutgifter**

|   | 31.12.2023        | 31.12.2022        |
|---|-------------------|-------------------|
| <b>Innbetaling av finansinntekter</b>     |                   |                   |
| Inntekter frå egedelar i selskap m.m.     | 0                 | 0                 |
| Salssum ved realisasjon av verdipapir     | 0                 | 0                 |
| Renteinntekter                            | 0                 | 0                 |
| Valutagevinst                             | 0                 | 0                 |
| Anna finansinntekt                        | 0                 | 0                 |
| <b>Sum innbetaling av finansinntekter</b> | <b>0</b>          | <b>0</b>          |
|   | <b>31.12.2023</b> | <b>31.12.2022</b> |
| <b>Utbetaling av finansutgifter</b>       |                   |                   |
| Renteutgifter                             | 304               | 2 038             |
| Valutatap                                 | 49                | 0                 |
| Anna finansutgift                         | 0                 | 0                 |
| <b>Sum utbetaling av finansutgifter</b>   | <b>353</b>        | <b>2 038</b>      |

**Note 5 Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjar**

|   | 31.12.2023 | 31.12.2022     |
|---|------------|----------------|
| <b>Utbetaling til investeringar</b>           |            |                |
| Immaterielle egedelar og liknande             | 0          | 0              |
| Tomter, bygningar og annan fast eigedom       | 0          | 0              |
| Infrastrukturegedelar                         | 0          | 0              |
| Maskiner og transportmiddel                   | 0          | 0              |
| Driftslausøyre, inventar, verktøy og liknande | 0          | 248 434        |
| <b>Sum utbetaling til investeringar</b>       | <b>0</b>   | <b>248 434</b> |
|   | 31.12.2023 | 31.12.2022     |
| <b>Utbetaling til kjøp av aksjar</b>          |            |                |
| Kapitalinnskot                                | 0          | 0              |
| Obligasjonar                                  | 0          | 0              |
| Investeringar i aksjar og andelar             | 0          | 0              |
| <b>Sum utbetaling til kjøp av aksjar</b>      | <b>0</b>   | <b>0</b>       |

**Note 6 Innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten**

|  | 31.12.2023    | 31.12.2022    |
|--|---------------|---------------|
| Tilfeldige og andre inntekter (Statskonto 530929) <sup>10</sup>  | 20 000        | 60 000        |
| <b>Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringar til staten</b> | <b>20 000</b> | <b>60 000</b> |

<sup>10</sup>Beløpet gjeld tilbakebetala tilskot til innsamling og registrering av stadnamn.

**Note 7 Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten**

|   | <b>31.12.2023</b> | <b>31.12.2022</b> |
|---|-------------------|-------------------|
| Tilskot til kommunar  | 0                 | 357 000           |
| Tilskot til fylkeskommunar                                      | 100 000           | 100 000           |
| Tilskot til ikkje-finansielle føretak                           | 5 445 000         | 6 150 000         |
| Tilskot til hushaldningar                                       | 0                 | 30 000            |
| Tilskot til ideelle organisasjonar                              | 35 939 000        | 36 293 000        |
| <b>Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten</b> | <b>41 484 000</b> | <b>42 930 000</b> |

**Note 8 Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa**

|  | 31.12.2023  | 31.12.2023  |               |
|--|---|---|---------------|
| Del A Skilnaden mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa | Spesifisering av bokført avrekning med statskassa | Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa | Skilnad       |
| <b>Finansielle anleggsmidler</b>   |   |   |               |
| Investeringar i aksjar og andelar  | 0   | 0   | 0             |
| Obligasjonar   | 0   | 0   | 0             |
| <i>Sum</i>   | 0   | 0   | 0             |
| <b>Omløpsmidlar</b>  |   |   |               |
| Kundekrav  | 126 843   | 0   | 126 843       |
| Andre krav   | 0   | 0   | 0             |
| Bankinnskot, kontantar og liknande   | 0   | 0   | 0             |
| <i>Sum</i>   | 126 843   | 0   | 126 843       |
| <b>Langsiktig gjeld</b>  |   |   |               |
| Anna langsiktig gjeld  | 0   | 0   | 0             |
| <i>Sum</i>   | 0   | 0   | 0             |
| <b>Kortsiktig gjeld</b>  |   |   |               |
| Leverandørgjeld  | -566 466  | 0   | -566 466      |
| Skyldig skattetrekk  | -1 300 618  | -1 300 618  | 0             |
| Skyldige offentlege avgifter   | -4 542  | -4 542  | 0             |
| Anna kortsiktig gjeld  | 0   | -497 023  | 497 023       |
| <i>Sum</i>   | -1 871 626  | -1 802 183  | -69 443       |
| <b>Sum</b>   | <b>-1 744 783</b>                                 | <b>-1 802 183</b>                                     | <b>57 400</b> |

TI PÅ TOPP

# Årets ord 2023

1

KI-generert

2

demenskor

3

milliardærflukt

4

polykrise

5

dyrtid

Språkrådet kårar dei ti mest interessante nyorda kvart år. Viktige kriterium i kåringa er at orda skal vera aktuelle, mykje bruka og levedyktige, og at dei skal ha god språkleg kvalitet. Dette er lista over årets ord 2023, med *KI-generert* på topp.

6

grøn kolonialisme

7

sensitivitetslesar

8

ultraprosessert

9

planvask


10

nevromangfald

# Nyheitsbrev frå Språkrådet

Få nyttige språktips og nyheter om norsk språkpolitikk rett i innboksen. Språkrådet gjev ut to digitale nyheitsbrev fast:

*Språknytt* og *Så klart – språk på jobben*



Registrer deg på  
[sprakradet.no/nyhetsbrev](https://sprakradet.no/nyhetsbrev)





# Riksrevisjonen

SPRÅKRÅDET

Org. Nr.: 971527404

## Riksrevisjonens beretning

### **Konklusjon**

Riksrevisjonen har revidert årsregnskapsoppstillingene for Språkrådet for regnskapsåret 1. januar - 31. desember 2023. Årsregnskapsoppstillingene består av oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapportering og noter, herunder sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Oppstilling av bevilgnings- og artskontorrapporteringen viser at 87 978 337 kroner er rapportert netto til bevilgningsregnskapet.

Etter Riksrevisjonens mening

- oppfyller årsregnskapsoppstillingene gjeldende krav, og
- gir årsregnskapsoppstillingene med noter et dekkende bilde av virksomhetens disponible bevilgninger, inntekter og utgifter for 2023 og kapitalposter per 31. desember 2023, i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

### **Grunnlag for konklusjonen**

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med *lov om Riksrevisjonen*, *instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon (ISSAI-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til lov, instruks og disse standardene er beskrevet nedenfor under Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjonen. Vi er uavhengige av virksomheten i samsvar med kravene i lov og instruks om Riksrevisjonen og ISSAI 130 Code of Ethics utstedt av International Organisation of Supreme Audit Institutions (INTOSAI's etikkregler), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

### **Øvrig informasjon i årsrapporten**

Ledelsen er ansvarlig for øvrig informasjon i årsrapporten. Øvrig informasjon består av ledelseskomentarene (i del VI) og annen øvrig informasjon (del I–V) i årsrapporten. Riksrevisjonens konklusjon ovenfor om årsregnskapsoppstillingene dekker ikke informasjonen i øvrig informasjon.

I forbindelse med revisjonen av årsregnskapsoppstillingene er det vår oppgave å lese øvrig informasjon i årsrapporten. Formålet er å vurdere hvorvidt det foreligger vesentlig inkonsistens mellom den øvrige informasjonen, årsregnskapsoppstillingene og kunnskapen vi har opparbeidet oss under revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, eller hvorvidt den øvrige informasjonen ellers fremstår som vesentlig feil. Vi har plikt til å rapportere dersom den øvrige informasjonen fremstår som vesentlig feil. Vi har ingenting å rapportere i så henseende.

Basert på kunnskapen vi har opparbeidet oss i revisjonen, mener vi at den øvrige informasjonen i årsrapporten:

- er konsistent med årsregnskapsoppstillingene og
- inneholder de opplysninger som skal gis i henhold til gjeldende regelverk

### **Ledelsens, styrets og det overordnede departementets ansvar for årsregnskapet**

Ledelsen og styret er ansvarlige for å utarbeide årsregnskapet som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten. Ledelsen og styret er også ansvarlige for slik intern kontroll som de finner nødvendig for å kunne utarbeide årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Det overordnede departementet og styret har det overordnede ansvaret for at virksomheten rapporterer relevant og pålitelig resultat- og regnskapsinformasjon og har forsvarlig intern kontroll.

### **Riksrevisjonens oppgaver og plikter ved revisjon av årsregnskapsoppstillingene**

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapsoppstillingene som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som gir uttrykk for Riksrevisjonens konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den, enkeltvis eller samlet, med rimelighet kan forventes å påvirke de beslutningene brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapsoppstillingene.

Som del av en revisjon i samsvar med *lov om Riksrevisjonen, instruks om Riksrevisjonens virksomhet* og internasjonale standarder for offentlig finansiell revisjon, utøver vi profesjonelt skjønn og utviser profesjonell skepsis gjennom hele revisjonen. I tillegg:

- identifiserer og vurderer vi risikoene for vesentlig feilinformasjon i årsregnskapsoppstillingene, enten det skyldes misligheter eller utilsiktede feil. Vi utformer og gjennomfører revisjonshandlinger for å håndtere slike risikoer, og innhenter revisjonsbevis som er tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon. Risikoen for at vesentlig feilinformasjon som følge av misligheter ikke blir avdekket, er høyere enn for feilinformasjon som skyldes utilsiktede feil, siden misligheter kan innebære samarbeid, forfalskning, bevisste utelatelser, uriktige fremstillinger eller overstyring av intern kontroll.
- opparbeider vi oss en forståelse av intern kontroll som er relevant for revisjonen, for å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av virksomhetens interne kontroll.
- evaluerer vi om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige, og om tilhørende noteopplysninger utarbeidet av ledelsen er rimelige.
- dersom vi gjennom revisjonen av årsregnskapsoppstillingene får indikasjoner på vesentlige brudd på administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten, gjennomfører vi utvalgte revisjonshandlinger for å kunne uttale oss om hvorvidt det er vesentlige brudd på slike regelverk.
- evaluerer vi den samlede presentasjonen, strukturen og innholdet i årsregnskapsoppstillingene, inkludert tilleggsopplysningene, og hvorvidt årsregnskapsoppstillingene gir uttrykk for de underliggende transaksjonene og hendelsene på en måte som gir et dekkende bilde i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten.

Vi kommuniserer med ledelsen blant annet om det planlagte innholdet i og tidspunkt for revisjonsarbeidet og eventuelle vesentlige funn i revisjonen, herunder vesentlige svakheter i den interne kontrollen som vi avdekker gjennom revisjonen. Vi informerer overordnede departementet om funn og svakheter.

## Uttalelse om øvrige forhold

### ***Konklusjon om etterlevelse av administrative regelverk for økonomistyring***

Vi uttaler oss om hvorvidt vi er kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene på en måte som i vesentlig grad strider mot administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten. Uttalelsen gis med moderat sikkerhet og bygger på ISSAI 4000 for etterlevelsesrevisjon. Moderat sikkerhet for uttalelsen oppnår vi gjennom revisjon av årsregnskapsoppstillingene som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi finner nødvendige.

Basert på revisjonen av årsregnskapsoppstillingene, er vi ikke kjent med forhold som tilsier at virksomheten har disponert bevilgningene i strid med administrative regelverk med betydning for økonomistyring i staten.

Oslo, 12.06.2024

Etter fullmakt

Åse Kristin Berglihn Hemsén  
ekspedisjonssjef

Erika Carola Nensén  
avdelingsdirektør

*Beretningen er godkjent og ekspedert digitalt.*